

Masteroppgåve

NTNU
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for pedagogikk og livslang læring

Maren Pernille Indreeide Øvregaard

Nært til stades - på avstand

Ein kvalitativ studie som utforskar korleis familieterapeutar opplever at profesjonalitet kjem til uttrykk i møte med klientar

Masteroppgåve i pedagogikk, studieretning utdanning og oppvekst
Veileder: Gunhild Marie Roald

Juni 2020

Maren Pernille Indreeide Øvregaard

Nært til stades - på avstand

Ein kvalitativ studie som utforskar korleis
familieterapeutar opplever at profesjonalitet kjem til
uttrykk i møte med klientar

Masteroppgåve i pedagogikk, studieretning utdanning og oppvekst
Veileder: Gunhild Marie Roald
Juni 2020

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for pedagogikk og livslang læring



Kunnskap for ei betre verd

Samandrag

I høve denne masteroppgåva er det utført ein kvalitativ studie med mål om å utforske familieterapeutar sine opplevelingar av profesjonalitet. Problemstillinga lyder: *Korleis opplever familieterapeuten at profesjonalitet kjem til uttrykk i møte med klientane?* Tre personar som jobbar som familieterapeutar er intervjua innan rammene for semi-strukturert intervju. Analysen er basert på Lindseth og Norberg (2004) sin fenomenologisk-hermeneutiske metode. Av funn er det utarbeidd tre hovudkategoriar med tilhøyrande underkategoriar. Hovudkategoriane som er utarbeidd er kalla for *Profesjonalitet uttrykt gjennom fokus på språk*, *Profesjonalitet uttrykt gjennom fokus på refleksjon og avkopling* og *Profesjonalitet uttrykt gjennom fokus på relasjonsbygging*.

Funna er drøfta i lys av teoretikarane Hans Skjervheim (1996), Erving Goffman (1992), Max van Manen (1993) og Carl Rogers (1957). Røkenes og Hanssen (2012) sin fire-perspektiv modell for kommunikasjon er brukt som struktur for drøftinga. Vidare er det diskutert korleis familieterapeuten kan møte klientane på ein personleg måte, men likevel behalde profesjonalitet. Funna og diskusjonen viser at det er nærliggande å tolke dei aktuelle uttrykka for profesjonalitet som ei subjektiverande tilnærming til klientane (Skjervheim, 1996).

Masteroppgåva set omgrepet *profesjonalitet* på dagsorden. I ein familieterapeutisk kontekst blir omgrepet operasjonalisert og diskutert i lys av ulike forståingar av kva det handlar om. Med eit omgrep som ofte blir teke litt for gitt, forsøker denne oppgåva å motivere til refleksjon rundt forståing og applikering av omgrepet i ein yrkeskontekst.

Abstract

This Master's Thesis conducts a qualitative study. The aim of the study is to find out more about family therapists' experience of professionalism. The research question is: *How does the family therapist experience the expression of professionalism when encountering with clients?* A semi-structured interview guide was used to interview three persons working as family therapists.

The analysis of the interviews is based on Lindseth and Norberg's (2004) phenomenological hermeneutical method. Three main categories with respective subcategories are constructed. The three main categories include *Professionalism expressed through focusing on language*, *Professionalism expressed through focusing on reflection and timeouts* and *Professionalism expressed through focusing on building relationships*.

The findings are discussed in the light of the theorists Hans Skjervheim (1996), Erving Goffman (1992), Max van Manen (1993) and Carl Rogers (1957). This thesis utilizes Røkenes and Hanssens' (2012) four perspective model for communication as a structural frame for the discussion. Furthermore, this thesis discusses how the family therapist can have personal encounters with clients and still maintain professionalism. The findings and discussion show that one can interpret the different expressions of professionalism as a way of approaching the clients as subjects (Skjervheim, 1996).

This Master's Thesis is putting the term *professionalism* on the agenda. In a family therapy context, the term is operationalised and discussed in the light of different understandings of what it is about. With a term that is often taken as a given, this thesis tries to motivate reflection around understanding and application of the term in a work context.

Forord

«Pedagogikk er jo så nyttig! Det trengs jo i alle yrker!» Denne utsegna var noko av det eg hørde mest av då eg som fersk pedagogikkstudent for snart fem år sidan snakka med personar eg møtte i alle dei nye situasjonane som høyrer til studiestart. «Alle» sa det - både unge og eldre, kvinner og menn. Før eg begynte å studere pedagogikk, tenkte eg at det handla om korleis ein skulle lære vekk noko til andre, då gjerne barn, og at det var det. Etter kvart blei eg meir og meir kjend med den tenkemåten som høyrer til pedagogikken, og eg forstod meir av kvifor dei eg hadde møtt hadde sagt som dei sa.

Det eg oppdaga etter kvart som tida gjekk, var at pedagogikk ikkje berre var undervisningslære og utviklingsteori. Det var også danningsomgrepet, omsynet som må takast overfor mennesket ein interagerer med og kva faktorar som kan spele inn på korleis noko blir oppfatta av han eller ho som skal ta imot – og så veldig mykje meir! Dette vekte ei interesse hos meg, som no har ført til ei fullført mastergrad.

Eg vil takke dei tre personane som gladeleg stilte opp til intervju, og som i det heile teke gjorde masteroppgåva mogleg å skrive. Takk for at de ville dele tankar og synspunkt. Det har vore av stor verdi!

Takk til rettleiaren min, Gunhild Marie Roald, for gode innspel og utfordrande, og såleis viktige, spørsmål - både innleiingsvis i oppgåveprosessen og gjennom semesteret. Det har hjelpt meg til å sette retninga for oppgåva.

Takk, mamma og pappa, for at de stadig stiller opp og alltid er berre ein telefonsamtale eller eit besøk unna.

Etter å ha sett siste punktum i masteroppgåva, er eg no klar for at eit nytt kapittel skal formast – denne gongen i arbeidslivet.

Maren Pernille Indreeide Øvregaard

Trondheim, juni 2020

Innhold

Figurar	xii
1 Innleiing	1
1.1 Bakgrunn for studien	1
1.2 Tidlegare forsking.....	2
1.3 Studien sin metodologi.....	2
1.4 Omgrepssavklaring	3
1.5 Masteroppgåva si strukturelle oppbygging	3
2 Teoretisk rammeverk	5
2.1 Profesjonalitet.....	5
2.2 Fortolkning i lys av hermeneutisk forståing.....	5
2.3 Skjervheim om subjektivering og objektivering	6
2.4 Goffman sin rollespelmetafor	7
2.5 Rogers sin personsentrerte teori.....	8
2.6 Van Manen om pedagogisk takt.....	8
2.7 Fire-perspektivmodellen for kommunikasjon	9
3 Metodologi	13
3.1 Den kvalitative tilnærminga	13
3.2 Fenomenologisk-hermeneutisk metode	14
3.3 Det semi-strukturerte livsverdintervjuet.....	14
3.4 Utval	15
3.5 Førebuing og gjennomføring av intervju	16
3.6 Transkribering	18
3.7 Forskingsetiske aspekt.....	19
3.7.1 Informert samtykke.....	19
3.7.2 Konfidensialitet	20
3.7.3 Konsekvensar	20
3.7.4 Forskaren si rolle	21
3.8 Kvalitet	21
3.8.1 Pålitelegheit.....	21
3.8.2 Gyldighet	22
3.8.3 Overførbarheit	22
3.9 Analyseprosessen.....	22
4 Presentasjon av funn	27
4.1 Profesjonalitet uttrykt gjennom fokus på språk	28
4.1.1 Gjennom meta-kommunikasjon	28
4.1.2 Gjennom avklaring	29
4.1.3 Gjennom tilpassing av språket	30
4.2 Profesjonalitet uttrykt gjennom fokus på refleksjon og avkoppling.....	32

4.2.1	Gjennom sjølvrefleksjon og avkopling for å tolke det klientane fortel.....	32
4.2.2	Gjennom bevisstheit rundt kva som er greitt å dele frå eige liv	34
4.3	Profesjonalitet uttrykt gjennom fokus på relasjonsbygging	35
4.3.1	Gjennom haldninga terapeuten møter klientane med	36
4.3.2	Gjennom å skape eit trygt rom for klientane.....	37
4.4	Oppsummering av funna	38
5	Drøfting	41
5.1	Profesjonalitet i familieterapeutrolla sett frå ulike perspektiv.....	41
5.1.1	Eigenperspektivet: den reflekterande familieterapeuten	41
5.1.2	Andreperspektivet: den imøtekommende familieterapeuten	43
5.1.3	Det intersubjektive opplevingsfellesskapet: den avklarande familieterapeuten.....	44
5.1.4	Samhandlingsperspektivet: den meta-kommuniserande familieterapeuten	45
5.1.5	Konteksten: relasjonen mellom familieterapeuten og klientane	46
5.2	Engasjement og nøytralitet – motsetnadar eller samspelet?	47
6	Avslutning.....	53
	Litteratur.....	55
	Vedlegg.....	59

Figurar

Figur 1 Fire-perspektivmodellen for kommunikasjon (Røkenes og Hanssen, 2012, s. 39)	10
Figur 2 Hovudkategoriane med tilhøyrande underkategoriar.....	27

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for studien

Gjennom heile studieløpet har familieterapifeltet vore eit interesseområde for meg, då familien spelar ei viktig rolle for korleis barn blir forma. Det er for dei aller fleste i familiekonteksten at primærsosialiseringa finn stad, og dei ulike rollene i ein familie vil alltid vere gjensidig påverkande (Kvello, 2012). Også ein oppvekst med eit fråvær av ein familie vil påverke eit barn. Familien som system spelar såleis ei viktig rolle, ikkje berre for enkeltindivid, men også i eit samfunnsperspektiv (Ellingsæter, 2012).

Når det er utfordringar og vanskelege situasjonar i dette systemsamspelet, vil det for mange vere hjelpsamt å søke hjelp hos faginstansar. I Noreg er familievernet ei lågterskelteneste som skal tene til dette formålet (Skauli, 2009). Familievernet er ein instans som møter enkeltindivid, par og familiar som står i ulike utfordrande situasjonar, og har såleis eit viktig samfunnsoppdrag (Barne-, ungdoms- og familiendirektoratet, 2018). Familiar kan også søke hjelp hos privatpraktiserande. Søker familiar hjelp hos fagpersonar, kan det ofte vere komplekse situasjonar som er grunnen, noko som kan gjere personane sårbare. Dei som jobbar som familieterapeutar har då som oppgåve å støtte og rettleie desse personane slik at situasjonane kan betrast (NOU 2019:20).

Personar som jobbar i faginstansar, blir ofte skildra som *profesjonelle*. Det er eit stort omgrep, som kan romme mykje. Det er tenkjeleg at korleis ein som terapeut føreheld seg til dette omgrepet kan vere førande for korleis ein blir oppfatta av klientane. Eit breitt utval av forsking seier at terapeuten spelar ei vesentleg rolle for korleis klienten si oppleveling av møtet med terapi blir (Lambert & Barley, 2002; Summers & Barber, 2003; Wheeler, 2000). Kva er det med terapeuten som gjer at denne personen får ei viktig rolle for dei klientane han eller ho møter? Det er tenkjeleg at moglege svar på dette spørsmålet vil tangere tema som til dømes terapeutens åtferd, personlegdom og tilnærming til fag og menneske. Spørsmålet om kor mykje ein vektlegg det å skulle dele frå eige liv kan også vere relevant i denne samanhengen. Korleis desse faktorane er kompatible med den overordna forventninga av å skulle vere profesjonell, er det som summerer opp min motivasjon for å ha valt dette temaet for masteroppgåva.

Dei ovannemnde spørsmåla kring denne tematikken utleier såleis til problemstillinga som denne masteroppgåva vil ta føre seg; *Korleis opplever familieterapeuten at profesjonalitet kjem til uttrykk i møte med klientane?*

Eg ser det som føremålstenleg å kommentere korleis denne tematikken gjer seg gjeldande i eit pedagogisk lys. Det finst ulike definisjonar av kva pedagogikk er. Tradisjonelt sett har pedagogikk vore knytt til oppseding, skule og undervising (Kaldestad, Reigstad, Sæther & Sæthre, 2007), der barn/vaksen-relasjonen har stått i sentrum (Sævi, 2007). Med eit pedagogisk-sosiologisk, -psykologisk og -filosofisk interessefelt, er det ei breiare forståing for pedagogikk som ligg til grunn for denne oppgåva enn den nemnde tradisjonelle. Uansett kva pedagogisk situasjon ein står i og kva relasjon det er snakk om, er det éin ting som sameinar alle; den mellommenneskelege samhandlinga. Det betyr at ein pedagogisk relasjon ikkje treng å vere avgrensa til ein relasjon mellom vaksen og barn.

Eg legg vidare til grunn at det er ein asymmetri mellom personane i ein pedagogisk relasjon (Skjervheim, 1992), og at det er nettopp denne asymmetrien som gjer relasjonen pedagogisk. Asymmetrien kan skuldast mellom anna kva formell rolle

personane har (Sævi, 2007). Denne oppgåva tek føre seg relasjonen mellom familieterapeut og klientar. Dette kan vere både barn/vaksen-relasjon, men også vaksen/vaksen-relasjon, men utgangspunktet for denne oppgåva er at både familieterapeut og klientane er vaksne. Asymmetrien blir dermed bestemt utifrå den rolla personane har. I lys av denne forståinga er det familieterapeuten som i denne konteksten kan reknast som pedagog.

1.2 Tidlegare forsking

Ut frå mine litteratursøk ser det ut til at det er gjort lite forsking innanfor familieterapi som går direkte på *profesjonalitet*. Der det er nemnt i forsking, er det ofte som eit omgrep som det ikkje blir vidare greidd ut om. Det kan såleis bli oppfatta som at det er eit omgrep der ein tek definisjonen og omfanget av det for gitt. Det er derimot gjort meir forsking på kva rolle terapeuten sine *eigenskapar* speler i møte med klientar – både i familieterapi, men også i andre terapifelt (Falkenberg, 2016; Pieterse, Lee, Ritmeester & Collins, 2013; Sprenkle & Blow, 2007; Wheeler, 2000). Studiar som omfamar andre terapifelt enn familieterapi ser eg på som relevante, ettersom dei skildrar eit møte mellom terapeut og klient.

Profesjonalitet kan seiast å vere eit overordna omgrep for ei rolle i ein profesjonell kontekst, og kan difor operasjonaliserast på fleire måtar. Sjølv om det er mange studiar som tek føre seg den relasjonsfokuserte terapeuten, ser det ut til at det er få som tek føre seg korleis terapeuten *utøver* profesjonalitet. Det kan difor tenkjast at profesjonalitet er eit underliggende omgrep i studiar som omhandlar terapeutens rolle. Eit døme på dette er at Pieterse et al. (2013) viser til at sjølvbevisstheit er eit viktig moment for den personlege utviklinga i yrket som terapeut. Det er såleis tenkjeleg at den innsatsen ein legg ned i denne personlege utviklinga kan spegle ei underliggende form for profesjonalitet. Ein studie som tek føre seg klientar sitt perspektiv på terapeutens sjølvavsløring, viser at det å kunne vise litt av seg sjølv frå sitt personlege liv, vil heller vere ein styrke, i staden for ei svakheit, i deira oppfatning av terapeutens profesjonalitet (Audet & Everall, 2003). Dette kan tolkast til at det å vise klientane litt av seg sjølv som person, vil styrke uttrykket for profesjonalitet.

Som nemnt ovanfor, er det mykje forsking som tilseier at terapeuten er viktig for klienten si oppleveling av møtet med terapi. At forsking då adresserer tema som går direkte på terapeuten sine eigenskapar og tilnærmingar til yrke, ser eg difor på som relevant. Dette kan også sjåast på som eit meta-perspektiv i forsking relatert til familieterapi, som på sikt kan tene til å styrke familieterapien som fagfelt. Denne studien har difor som hensikt å aktivt adressere profesjonalitetsomgrepet innan familieterapifeltet, og såleis utforske kva det inneber og korleis det kjem til uttrykk.

1.3 Studien sin metodologi

Som tidlegare nemnt, er problemstillinga for denne studien *Korleis opplever familieterapeuten at profesjonalitet kjem til uttrykk i møte med klientane?* For å finne svar på problemstillinga, er det gjennomført tre semi-strukturerte intervju med personar som jobbar som familieterapeutar. Ettersom problemstillinga spør om *opplevinga* til familieterapeuten, er dette såleis ein fenomenologisk inspirert studie, der det er essensen i familieterapeutens perspektiv som er fokuset (Lindseth & Norberg, 2004).

For å gjennomføre analysen, har eg lete meg inspirere av Lindseth og Norberg (2004) sin fenomenologisk-hermeneutiske framgangsmåte, som omfamnar bruk av det dei kallar for «naiv lesing» med ei påfølgjande tematisk strukturell analyse. Det er såleis ein analytisk framgangsmåte som gjer seg gjeldande når ein ønskjer å få tak i subjektivt opplevde meningar av eit fenomen slik det erfarast av dei som blir intervjuet. Det hermeneutiske aspektet gjer seg gjeldande ved at eg som forskar aktivt fortolkar og forsøker å forstå erfaringane og synspunkta som kjem fram hos intervjupersonane (Hauge & Holgernes, 2005; Lindseth & Norberg, 2004). Når det gjeld den hermeneutiske tradisjonsretninga, er Lindseth og Norberg (2004) inspirerte av mellom anna filosofane Martin Heidegger, Hans-Georg Gadamer og Paul Ricoeur, som alle talar for at essensen i ei mening kjem fram gjennom mellom anna handlingar, refleksjon og narrativ.

Ved gjennomføring av ein studie er det viktig å vere bevisst på si eiga forforståing rundt fenomenet det blir forska på og korleis det kan spele inn på korleis fortolkinga av erfaringane til intervjupersonane blir (Lindseth & Norberg, 2004). Forskaren si forforståing kan både hindre og mogleggjere forståing i møte med studietematikken og intervjupersonane (Gadamer, 2012). Eins eiga forforståing kan hindre ein frå å oppdage moment som kan spele inn på korleis til dømes funn blir forma. Motsett kan eins eiga forforståing vere med på å betre forstå den innsikta ein tileignar seg gjennom prosessen med studien.

1.4 Omgrepsavklaring

Når det i denne oppgåva er snakk om *familieterapeut*, meinast det personen som jobbar i familievernstenesta eller i ein privat praksis. Desse vil også tidvis bli omtala som *terapeut*, *intervjuperson* eller *forskningsdeltakar*. *Klienten* er personen som nyttar seg av familievernstenesta eller den private praksisen. I denne masteroppgåva er det naturleg å innimellom omtale klientane i fleirtal, då det i konteksten som ligg til grunn for studien ofte er to klientar til stades på same tid, og at desse også er vaksne. Det baserast på kva som har kome fram i forskningsintervjuet som er utførte i høve masteroppgåva.

1.5 Masteroppgåva si strukturelle oppbygging

Hittil i denne masteroppgåva har eg gjort greie for bakgrunnen og ramma for studien. I det neste kapittelet vil eg gjere greie for det teoretiske rammeverket som drøftinga vil baserast på. I kapittel 3 vil det greia ut om kva metodisk tilnærming eg har valt, samt vurderingar rundt førebuinga og gjennomføringa av intervjuet, forskningsetiske aspekt og studiens kvalitet. I kapittel 4 vil alle funn frå intervjuet bli presenterte. Funna blir presenterte gjennom tre hovudkategoriar: [1] *Profesjonalitet uttrykt gjennom fokus på språk*, [2] *Profesjonalitet uttrykt gjennom fokus på refleksjon og avkopling* og [3] *Profesjonalitet uttrykt gjennom fokus på relasjonsbygging*. Tilknytt kvar av desse hovudkategoriane, blir det presentert høvesvis tre, to og to underkategoriar. Deretter følgjer det eit kapittel med drøfting, der funna blir drøfta i lys av det valde teoretiske rammeverket. I det sjette og siste kapittelet følgjer det ei avslutning der eg summerer opp og konkluderer med det som har kome fram av studien. Her vil eg også presentere moglege implikasjonar, svakheiter ved studien og kva som kan vere aktuelt for vidare forsking.

2 Teoretisk rammeverk

I dette kapittelet vil det bli gjort greie for ulike omgrep og det teoretiske rammeverket som ligg til grunn for drøftinga av resultata. Omgrepa som det vil bli greidd ut om, er *profesjonalitet* og *pedagogisk takt* i tillegg til omgrep knytt til hermeneutikken. Teoriane som eg hovudsakleg vil fokusere på, er Hans Skjervheim (1996) sin teori om subjektivering og objektivering, Erving Goffman (1992) sin teori om kvardagslivets rollespel og Carl Rogers (1957) sin personsentrerte teori. Det vil også bli greidd ut om Røkenes og Hanssen (2012) sin fire-perspektivmodell for kommunikasjon.

2.1 Profesjonalitet

Profesjonalitet kan definerast på fleire måtar. Det engelske ordet for profesjonalitet er *professionalism*, som blir definert som «Profesjonell kvalitet, karakter eller åtferd; eit profesjonelt system eller metode. Tidlegare ofte brukt som: karakteristikkane til eit bestemt yrke; (no vanlegvis) kompetansen eller ferdigheita forventa av ein profesjonell» (Oxford English Dictionary, 2007, mi oversetjing).

Ein definisjon av omgrepet *profesjonell* er, «en person som har tilegnet seg en bestemt fagkompetanse, og som i tillegg er blitt sosialisert til de verdiene, normene og reglene for atferd som kjennetegner en bestemt yrkesgruppe.» (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 246). Vidare peikar forfattarane på at profesjonalitet er eit relasjonelt omgrep og deler omgrepet i to; *rollebestemt profesjonell yrkesutøving* og *personleg profesjonell*. Den rollebestemte delen av profesjonell yrkesutøving handlar om at ein i eit yrke handlar etter det yrkesrolla krev framfør å følgje eigne meningar og kjensler ein har som privatperson. Delen av profesjonalitet som kallast for *personleg profesjonell* handlar om at ein klarer å ta med seg dei ferdighetene og erfaringane ein har frå før inn i rolla som yrkesutøvande og ikkje møter andre på ein upersonleg måte (Røkenes & Hanssen, 2012).

2.2 Fortolking i lys av hermeneutisk forståing

Omgrepet *hermeneutikk* tyder *fortolkingskunst* (Hauge & Holgernes, 2005). Opphavleg blei hermeneutikk brukt mest som ei forståing for korleis ein skulle tolke teologiske og juridiske tekstar, men i moderne tid har det blitt brukt meir i ein generell forstand. Dette kan til dømes vere i korleis ein forstår menneske sine handlingar (Hauge & Holgernes, 2005). Ifølgje filosofen Wilhelm Dilthey er hermeneutikk meir læra om mennesket si generelle forståing enn synet på at det berre er ei vitskapleg metode. I forlenginga av dette, meiner filosofen Hans-Georg Gadamer at hermeneutikk handlar om all forståing og at ein aldri kan vere heilt objektiv i møte andre meaningsuttrykk (Gadamer, 2012; Hauge & Holgernes, 2005). Sentrale omgrep innanfor hermeneutikken er *forforståing*, *forståingshorisont*, *horisontsamansmelting* og *den hermeneutiske sirkelen* (Gadamer, 2012). Vidare vil desse omgrepa bli forklarte.

Forforståing er den kunnskapen og forståinga ein har frå før rundt til dømes eit fenomen, eit objekt eller ei hending. Vidare er *forståingshorisonten* det perspektivet ein ser noko frå (Gadamer, 2012). *Horisontsamansmelting* er når eins eigen horisont møter ein annan horisont. Dette kan til dømes vere i form av eit tekstuttrykk, men også ein annan person sin horisont. Ifølgje Gadamer (2012) er horisonten stadig disponert for utviding. Når det

skjer ei horisontsamansmelting, utvidast såleis eins eigen horisont. Dette kan skje gjennom til dømes lesing eller samtale.

Det siste sentrale omgrepene i hermeneutikken som forklarast her, er *den hermeneutiske sirkelen*. Dette er ein modell for korleis ein fortolkingsprosess går føre seg. Den viser samspelet mellom forståing og fortolking og korleis dette samspelet fører til ny kunnskap. Hovudtanken bak den hermeneutiske sirkelen er at ein forstår og fortolkar heilskapen ved hjelp av delane og delane ved hjelp av heilskapen (Gadamer, 2012). Utgangspunktet for fortolkinga er forforståinga ein har. Dei nye inntrykka blir forstått ut frå dette og reflektert over i lys av det ein veit frå før av. Dette gjer at ein kjem til ny innsikt, som igjen blir den nye forforståinga til dei nye inntrykka. Slik går fortolkinga i ein sirkel, der det blir ein vekselverknad mellom delane og heilskapen.

2.3 Skjervheim om subjektivering og objektivering

Gjennom samhandling med andre vil ein alltid måtte førehalde seg til den andre på ein eller annan måte. Den norske filosofen Hans Skjervheim var ein talsperson for å forstå menneske som subjekt framfor objekt (person framfor kasus) (Skjervheim, 1996).

Skjervheim (1996) presenterer to ulike måtar å førehalde seg til andre på; anten ved å vere deltakar eller tilskodar, som det her vil bli greidd ut om.

Å ta rolla som tilskodar gjer ein dersom ein set seg sjølv utanfor den andre og det vedkomande seier. Ein lyttar til den som snakkar og legger merke til det som blir sagt. Ein oppfattar det den andre seier som anten ein lyd eller fakta (Skjervheim, 2000). Det blir to to-ledda relasjoner, og begge personane behandler den andre som objekt (Skjervheim, 1996). Å setje seg sjølv utanfor ein sak vil ifølgje Skjervheim (1996) vere det same som å framandgjere seg sjølv. Ein tek avstand frå det, og vel heller å ha ei tilskodarrolle i situasjonen. Ein finn då gjerne andre, eksterne grunnar til at vedkomande seier det som blir sagt enn at ein attribuerer dette til vedkomande sine tankar og kjensler. Resultatet av dette er at ein objektiverer den andre. Det blir ofte gjort når ein ikkje tek den andre alvorleg eller er usamd med det vedkomande seier (Skjervheim, 1996). Går ein inn i ein situasjon med ei forventning om at ein skal møte den andre med ei objektiverande innstilling, kan ein også bli hindra frå i det heile teke klare å ta vedkomande på alvor. Den som objektiverer får makt og kontroll over situasjonen, noko som gjer at vedkomande blir den dominante parten (Skjervheim, 1996).

Ein tek rolla som deltakar dersom ein oppfattar det den andre seier som ein påstand (Skjervheim, 2000) og let seg sjølv engasjere i det den andre seier. Då går ein inn i ein samtale om ei sak i ein tre-ledda relasjon, som er mellom *eg*, *du* og *saka* (Skjervheim, 1996). Då vil eg og du ha den same saka til felles, og vi er med-subjekt i forhold til denne saka. Begge blir *engasjerte*. Gjennom å sjå det den andre seier på denne måten, tek ein del i den andre sitt indre liv, tankar og kjensler rundt den gjeldande saka. Alt dette blir med i den vidare vurderinga for korleis ein skal gå fram for å støtte og rettleie personen. Dette vil seie å førehalde seg til den andre som eit subjekt. Når ein ser på den andre som eit subjekt, blir det som Skjervheim (2000) kallar for «intersubjektivitetsfenomenet» gjeldande. Dette er når ein møter den andre som eit subjekt og deler ei «verd». Med denne «verda» er det meint den felles forståingshorisonten dei to som er i samtalen dannar. Det kan også forståast som ei horisontsamansmelting.

I tråd med teorien om subjektivering og objektivering presenterer han det han kallar for *det instrumentalistiske mistaket* (Skjervheim, 1972). Her aviser han at det å ha éin pedagogisk teori som utgangspunkt for alt ein gjer er tilstrekkeleg for å kunne *møte* ein person på den rette måten. Dette blir for teknisk, og ein gløymer dei praktiske handlingane som i visse tilfelle er heilt avgjerande for å kunne nå fram med det ein vil. Eit teknisk syn på til dømes oppseding eller terapi vil svare til tanken om at ein objektiverer personen som ein rettar seg mot. Det er her Skjervheim (1972) meiner at ein må sjå personen som eit subjekt, i tillegg til at ein tek med moment frå den pedagogiske teorien. Det er då ein vil lukkast.

2.4 Goffman sin rollespelmetafor

Sosiologen Erving Goffman teoretiserer korleis vi opptrer i samspel med andre. Teorien er ein metafor som tek utgangspunkt i omgrep frå dramaturgien. Her bruker han omgropa *kulisser*, *fasade* og *baksideområde* (Goffman, 1992), som no vil bli forklarte. Etter utgreiinga følgjer det ei forklaring på korleis desse omgropa kan sjåast i ein familieterapeutisk kontekst.

Kulisserne er avgrensa til den staden eller det området ein møter andre på. Dei er føresetnadane for at dei involverte kan gå inn i dei forventa rollene. Forlét personane dette området, trer dei også ut av rollene sine (Goffman, 1992).

Fasade er det som ein som person uttrykker i møte med den andre. Fasaden blir kommunisert ut basert på mellom anna det ein seier og korleis ein seier det. Det kan til dømes uttrykkast gjennom antrekk, kroppsspråk og andletsuttrykk. Det er altså det som både verbalt og ikkje-verbalt blir tilkjennegjort overfor dei ein møter som utgjer fasaden. Kjenneteikna for fasaden kan også delast inn i to kategoriar; *ytre* og *manerar*, og som regel samsvarer desse med kvarandre. Den førstnemnde, *ytre*, er det som tilkjennegir personen sin sosiale status samt korleis vedkomande framstår i den gjeldande situasjonen. Døme på korleis personen kan framstå, er om vedkomande er deltakande i til dømes ein formell eller uformell situasjon. Kategorien kalla for *manerar* omfattar korleis personen opptrer i møte med den andre. Personen kan til dømes opptre som dominerande eller forsiktig overfor den andre personen (Goffman, 1992).

Med omgrepet *baksideområde* meinast det ein ikkje vil tilkjennegi i møte med den andre. Det er altså det som går føre seg «bak kulissene». Ein er ikkje i rolla når det som går føre seg på baksideområdet kjem til syne. Dei som vanlegvis opplever personen i den rolla den har blant kulissene, får ikkje sjå baksideområdet (Goffman, 1992).

I ein familieterapeutisk kontekst, sett frå familieterapeuten sitt perspektiv, gjer desse omgropa seg gjeldande ved at kulissene er kontoret til familieterapeuten. Det er her interaksjonen mellom personane går føre seg. Alle som er til stades har kvar si rolle. Terapeuten speler terapeutrolla medan klientane speler klientrolla. Som ein del av kulissene kan det til dømes vere stolar, pult, tavle og bord som familieterapeuten og klientane bruker. Sett frå familieterapeuten sitt perspektiv, så er den *ytre* fasaden det vedkomande har på seg og om han eller ho er tilsynelatande deltakande eller fråkopla i samtalet med klientane. Delen av fasaden som blir kalla for *manerar* blir aktualisert gjennom det familieterapeuten seier i møte med klientane og korleis vedkomande uttrykker seg. Familieterapeuten sitt *baksideområde* er den delen av sitt eige liv og seg sjølv som vedkomande ikkje ønskjer eller har behov for at klientane veit om. Seinare i

oppgåva, vil eg gå i nærmare detalj på korleis omgrepa gjer seg gjeldande i lys av studien sine funn.

2.5 Rogers sin personsentrerte teori

Carl Rogers har spelt ei sentral rolle innanfor den humanistiske tilnærminga for psykologi. Med fokus på å forstå klienten, utvikla han *Personsentrert teori* (tidlegare kalla *Klientsentrert teori*), som har hatt stor innverknad på psykoterapi, samt andre sosial- og helsefaglege yrkeskontekstar (Gross, 2014). Med ei pedagogisk forankra masteroppgåve med familieterapifeltet som tema, vil det også vere føremålstenleg å ha med denne teorien, som er forankra i den humanistiske rådgivingstradisjonen. Ved denne teorien, blei Carl Rogers mellom ein av dei som identifiserte det emosjonelle aspektet som ein viktig komponent for relasjonen mellom terapeut og klient (Summers & Barber, 2003). Sentralt i denne teorien er at det er ulike vilkår hos terapeuten som er naudsynte for at det skal skje ei endring hos klienten (Rogers, 1957). Dei tre vilkåra er kongruens, aksept og empati (Braaten, 1967; Rogers, 1957). Vidare følgjer det ei utgreiing om desse vilkåra.

Vilkåret om kongruens handlar om at terapeuten er kongruent i møte med klienten. Det vil seie at terapeuten evnar å kunne vise seg sjølv som person. Innimellom vil dette innebere å dele med klienten det som opplevast som ubezagleg for terapeuten, men på same tid ikkje dele for mykje av sine personlege kjensler. At terapeuten er seg sjølv i møte med klientane, vil vere med på å auke inntrykket av at terapeuten kan vise seg sjølv som «ekte» overfor klienten (Braaten, 1967; Rogers, 1957).

Vilkåret om aksept handlar om at terapeuten evnar å møte klienten på ein slik måte som gjer at han har ingen vilkår for at klienten skal bli likt av terapeuten. Det vil seie at terapeuten ubetinga aksepterer den klienten er og det vedkomande seier. I dette ligg det at terapeuten lett klienten ha sine tankar, kjensler og meiningar utan at dette skal gå utover kva terapeuten synes om klienten (Braaten, 1967). Terapeuten viser ein omsorg for klienten på ein måte som gjer at klienten kan vere seg sjølv i møte med terapeuten (Rogers, 1957).

Vilkåret om empati handlar om at terapeuten viser medkjensle i møte med klienten. Når terapeuten klarer dette, evnar han å forstå klienten sine kjensler, det vedkomande meiner og tilpassar seg etter korleis klienten framstår i det gjeldande augeblikket. Ein føresetnad er at terapeuten klarer å oppfatte kva stemning klienten er i og såleis tilpasse seg deretter (Rogers, 1957). Terapeuten blir speglande for dei kjenslene klienten har og legg til rette for at klienten får moglegheit til å utforske desse kjenslene (Braaten, 1967).

2.6 Van Manen om pedagogisk takt

Max van Manen (1993) presenterer omgrepet *pedagogisk takt*. Dette omgrepet understrekar viktigeita av korleis ein som pedagog skal møte den andre i ein pedagogisk situasjon. Som understreka tidlegare, baserer denne oppgåva seg på at ein pedagogisk relasjon ikkje er avgrensa berre til ein relasjon mellom eit barn og ein vaksen. Difor vil det også vere relevant å sjå denne teorien i lys av ein vaksen i møte med ein annan vaksen.

Takt er eit omgrep som omfattar mykje. Det har med sinnstemning, tankar og handlingar gjort på impuls og generell klokskap rundt korleis ein skal takle situasjonar


ein står i der og då (van Manen, 1993). Hovudpoenget er at den som ein utøver takt overfor ikkje opplever eit ubezag. Gjennom si eiga framstilling av teorien om pedagogisk takt, skildrar van Manen (1993) takt på ulike måtar. Eit utgangspunkt for teorien er at det er ei form for samhandling mellom personane som står i relasjonen. Takt fordrar bevisstheit rundt pedagogens eige samhandlingsmønster. «Takt impliserer gjerne følsomhet, en oppmerksom, årvåken, lydhør, fintfølende oppfatningsevne» (van Manen, 1993, s. 113). Har ein pedagogisk takt, veit ein med andre ord intuitivt korleis ein på ein god måte skal møte dei situasjonane ein står overfor. Det kan også seiast at ved utvikling av takt, vil ein også utvikle den *personleg profesjonelle* delen av måten Røkenes og Hanssen (2012) definerer profesjonalitet på. Om ein opptrer taktfullt, klarer ein til dømes å behalde roa i stressande situasjonar, eller ein klarer å stille dei rette spørsmåla for framgang i situasjonar som opplevast som stilleståande og utfordrande.

Som ein del av teorien om pedagogisk takt trekkjer van Manen (1993) fram korleis sjølvrefleksjon er ein vesentleg faktor i eins eiga utvikling av pedagogisk takt som ferdighet. Å reflektere over eigne tankar, handlingar og standpunkt vil ifølgje forfattaren vere vesentleg i dei fleste yrker, då det er ein grunnleggande del for å utvikle seg sjølv som person og eiga sjølvinnnsikt. Å i ettertid aktivt tenkje gjennom korleis ein tenkte og handla i ein pedagogisk situasjon, vil gi eit vidare grunnlag for å intuitivt vite kva ein kan gjere neste gong ein står i ein situasjon som krev gode løysingar. For kvar gong ein tek med seg lærdom frå éin situasjon til ein annan, utviklar ein si evne til å utøve pedagogisk takt. Takt er difor ikkje noko som ein kan lese seg opp til, men som ein heller må utvikle gjennom erfaringar og møte med andre (van Manen, 1993). Eins evne til pedagogisk takt blir difor testa, utfordra og utvikla i møte med andre.

2.7 Fire-perspektivmodellen for kommunikasjon

Den etymologiske tydinga av ordet kommunikasjon er å *gjere felles*, som kjem av det latinske ordet *communicare* (Røkenes og Hanssen, 2012, s. 41). Det kan difor seiast at hovudpoenget med å kommunisere er å få ei felles forståing av kva som er ytra av bodskapar av dei rundt ein (Gadamer, 2003, s. 34). Kommunikasjon kan gå føre seg på fleire ulike måtar. Desse måtane kan vere verbale, men også ikkje-verbale, som til dømes andletsuttrykk og kroppsspråk (Woolfolk, 2004). Såleis er kommunikasjon eit komplekst fenomen, som ofte kan føre til det motsette av ei felles forståing, og misforståingar kan i mange tilfelle bli ei følge.

Røkenes og Hanssen (2012, s. 39) presenterer ein modell som føreslår korleis kommunikasjon mellom ein eller fleire personar kan forståast. Denne blir kalla for *fire-perspektivmodellen for kommunikasjon* (Figur 1). Den tek utgangspunkt i at det er fire perspektiv som spelar inn på kommunikasjonen mellom personar. Desse er eigenperspektivet, andreperspektivet, det intersubjektive opplevingsfellesskapet og samhandlingsperspektivet. I denne masteroppgåva vil ikkje denne modellen bli brukt som ein teori i seg sjølv, men heller som ein modell som kan tene til det formålet å «visualisere» møtet mellom familieterapeuten og klientane. Den vil såleis bli brukt som eit strukturelt rammeverk i drøftingskapittelet og vidare bli supplert med andre teoretikarar som kan støtte opp om denne modellen.



Figur 1 Fire-perspektivmodellen for kommunikasjon (Røkenes og Hanssen, 2012, s. 39)

Ein viktig merknad for denne strukturen er at konteksten for kommunikasjonen har mykje å seie for kommunikasjonen, og den vil dermed vere med på å legge grunnlaget for samhandlinga (Røkenes & Hanssen, 2012). I denne samanhengen er konteksten møtet mellom familieterapeuten og klientane, som finn stad på kontoret til familieterapeuten. Denne konteksten fører med seg forventningar og avgrensingar til kva som er forventa av dei ulike partane. Dette vil bli vidare adressert i drøftingskapittelet.

Det første perspektivet, eigenperspektivet, handlar om at ein i møte med andre ikkje kan unngå å ta med seg sine eigne perspektiv, erfaringar og tankar. Det er såleis den forforståinga ein har som ein tek med seg i møte med andre (Gadamer, 2012). Det å kjenne seg sjølv og vite kva ein tek med seg, er difor eit vesentleg og avgjerande utgangspunkt for at ein kan samhandle med andre på ein god måte.

Andreperspektivet er den andre sitt perspektiv som ein møter. Det er viktig å vere klar over at den andre sitt perspektiv ofte er heilt annleis enn sitt eige, og at ein må kunne evne å ta utgangspunkt i det dersom det viser seg naudsynt (Røkenes & Hanssen, 2012). Dette perspektivet kan koplast til Rogers (1957) sitt eine vilkår om empati, som handlar om terapeuten si evne til å sjå korleis klienten oppfattar og føler om noko, for så å vise medkjensle overfor vedkomande basert på det.

Det tredje perspektivet, kalla for det intersubjektive opplevingsfellesskapet, er den forståinga som skapast mellom dei personane som deler av sitt perspektiv. Det blir eit opplevingsfellesskap (Røkenes & Hanssen, 2012). Her blir opplevinga av å vere i det intersubjektive opplevingsfellesskapet ikkje sett ord på av partane. Dette perspektivet kan sjåast i samanheng med det Skjervheim (2000) kallar for intersubjektivitetsfenomenet, som oppstår når det skjer ei horisontsamansmelting.

Det fjerde perspektivet, samhandlingsperspektivet, er dei involverte personane sitt felles perspektiv på og forståing rundt korleis samhandlinga mellom dei to er, som uttrykkast gjennom meta-kommunikasjon (Røkenes & Hanssen, 2012). Partane snakkar altså eksplisitt om korleis dei oppfattar samhandlinga dei imellom.

3 Metodologi

I dette kapittelet vil eg gjere greie for metoden eg har brukt, korleis eg har gått fram og kva vurderingar eg har gjort gjennom heile forskingsprosessen. Det vil også bli greidd ut om forskingsetiske aspekt og korleis eg utførte transkriberinga og analyseprosessen.

Gjennomgående i kapittelet vil både omgrepa «tilnærming» og «metode» bli brukte. Med «tilnærming» er det meint den retninga innan forsking som er vald for å adressere problemstillinga. Med «metode» er det meint den framgangsmåten som er brukt for å gjennomføre og analysere studien, ettersom *metode* opphavleg tyder «vegen til målet» (Kvale & Brinkmann, 2015).

3.1 Den kvalitative tilnærminga

For den vidare lesinga vil det vere tenleg å adressere kva vitskapsteoretisk paradigme denne studien er inspirert av. I samfunnsvitskapen skiljast det i all hovudsak mellom to vitskapsteoretiske tilnærmingar; den positivistiske og fortolkingsbaserte tilnærminga (Jacobsen, 2015). Dette avhenger av forskaren sitt syn på korleis røynda opplevast og korleis ein tileignar seg kunnskap. Den fortolkingsbaserte tilnærminga konsentrerer seg mellom anna om at røynda er sosialt konstruert og at den er i konstant endring (Jacobsen, 2015). Med andre ord kan denne tilnærminga skildrast som *sosialkonstruktiv*, der *kunnskapsproduksjon* står sterkt (Kvale & Brinkmann, 2015). Det gjer den kvalitative forskingstilnærminga aktuell.

I arbeidet med denne masteroppgåva, var det denne tilnærminga eg let meg inspirere av. Det var delvis fordi eg var interessert i å høre om enkeltpersonar, som er familieterapeutar av yrke, sine refleksjonar, tankar og førstehandsopplevelingar av fenomenet profesjonalitet. Det var såleis eit særleg fokus på den subjektive opplevinga av profesjonalitet. Ein annan grunn var at det ville vere i møtet mellom dei som familieterapeutar og meg som forskar at refleksjonane og tankane kom fram i lyset basert på det begge partane tilførte samtalens av spørsmål og innspel (Kvale & Brinkmann, 2015).

Kvalitativ tilnærming er ifølgje Larsson (2005) korleis ein går til verks for å finne naturen i noko, karakterisere og skildre det. I den kvalitative tilnærminga ser ein etter mønster, og det ein kjem fram til vil seie noko om kvalitetar eller kjenneteikn ved det fenomenet som har blitt studert (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2016). Eg såg på det som naturleg å velje ei kvalitativ tilnærming, då problemstillinga mi spurde om *opplevinga* av fenomenet profesjonalitet i tillegg til at eg ønskte å gå i djupna på denne opplevinga og få fram rike skildringar (Kvale & Brinkmann, 2015). Det ville difor vere føremålstenleg for meg å velje ei tilnærming som ville gi meg eit møte med enkeltpersonar som kunne fortelje om sine eigne erfaringar og opplevingar.

Kvalitative studiar kan vere både eksplorerande og gå ut frå hypotesar (Thagaard, 2009). Eg forsøkte i stor grad å utarbeide ei problemstilling som spurde om *korleis* noko *opplevast* utan at den skulle uttrykke gjettingar eller teoriar. Problemstillinga, som lyder *Korleis opplever familieterapeuten at profesjonalitet kjem til uttrykk i møte med klientane?* har ein ordlyd som kan uttrykke at det er nærliggande å sjå på dette som ein eksplorerande studie.

3.2 Fenomenologisk-hermeneutisk metode

I dette delkapittelet vil eg gjere greie for den metoden som er brukt i denne studien.

Ifølgje Ringdal (2013) finst det fleire typar metode innanfor den kvalitative tilnærminga. Ein av desse er fenomenologisk design. Fenomenologi handlar om å forstå eit fenomen ut frå intervjugersonane sine subjektive perspektiv og skildringar om korleis fenomenet påverkar kvardagen (Kvale & Brinkmann, 2015; Postholm, 2010). Vektlegginga av livsverda til intervjugersonane står i sentrum, og dette krev presise skildringar. Som tidlegare nemnt, var eg i dette prosjektet ute etter å kartlegge familieterapeutar sine opplevelingar av korleis profesjonalitet kjem til uttrykk i møte med klientane deira. Det var difor naturleg å velje ei fenomenologisk metode for denne studien.

Som ei utviding av dette, har eg lete meg inspirere av Lindseth og Norberg (2004) si utarbeidde fenomenologisk-hermeneutiske metode, som tek omsyn til det fenomenologiske og det hermeneutiske¹ aspektet i ein intervjustudie. Det fenomenologiske aspektet er forankra i at det er opplevelingane og erfaringane ein er ute etter i intervjuet. Det føreset at forskaren møter intervjugersonen med eit ope sinn samstundes som at han eller ho klarer å skilje ut det viktigaste av den informasjonen som kjem fram (Kvale & Brinkmann, 2015). Korleis eg som forskar stiller meg til mi eiga forståing i møte med det som skal fortolkast basert på intervjuet, er sentralt, og det er her det hermeneutiske aspektet kjem til uttrykk (Lindseth og Norberg, 2004). Prosessstega for analyseprosessen i lys av denne metoden blir adressert og nærmare skildra i delkapittelet som omhandlar analyseprosessen.

Innanfor det fenomenologisk-fortolkande landskapet er det ulike tilnærmingar til akkurat kva forskaren ser etter (van Manen, 2017). Eitt synspunkt er at det er intervjugersonane og deira evalueringar av eigne erfaringar og oppfatningar som står i sentrum, noko som kan seiast å vere ei psykologisk tilnærming (van Manen, 2017). Eg har prøvd å la sjølve *essensen* og *meininga* i det intervjugersonane seier stå i sentrum, som er ei litt anna tilnærming til fenomenologi enn den psykologiske tilnærminga. Fyldige skildringar frå intervjugersonane er såleis viktig for å få fram det spesielle ved det dei fortel om, noko som vil hjelpe til å gi eit bilet av fenomenet det blir forska på (Kvale & Brinkmann, 2015), som i denne masteroppgåva er *profesjonalitet*.

Den sistnemnde tilnærminga finn ein også i Lindseth og Norberg (2004), som påpeikar at det er sjølve meaninga og essensen i det som blir sagt som skal tolkast. Her kan forskaren si forståing og fordommar vedkomande har spele inn, og det er mogleg at det vil ha ein hindrande effekt. Å forvalte sine fordommar og forståing i møte med fenomenet og intervjugersonane, er ein balansegang som krev bevisstheit. Å setje til sides fordommane kan vere med på å gjere at ein får ein «inngang» til meaninga og essensen i det som det blir forska på. Dette kan kallast for å setje fordommane sine i *parantes*, som også blir kalla for *bracketing* (Lindseth & Norberg, 2004; Postholm, 2010).

3.3 Det semi-strukturerte livsverdintervjuet

I eit forskingsprosjekt skal problemstillinga ideelt sett vere førande for kva tilnærming ein vel (Jacobsen, 2015). Ettersom eg var ute etter *opplevelinga* til familieterapeutar, såg

¹ I teorikapittelet blei det greidd ut om ulike omgrep innanfor hermeneutikken. I tillegg til at dei gjer seg gjeldande som teori for studiens funn, er dei også aktuelle for det forskingsmessige. Omgrepa kjem difor til å bli aktivt refererte til også i metodekapittelet.

eg på det som naturleg å møte personar andlet til andlet, og difor valde eg intervju som metode. Vidare såg eg på det som føremålstenleg å velje ei semi-strukturert intervjuform, som ville legge til rette for ein strukturert, men tilpassingsvenleg samtale mellom forskaren og intervjugersonen (Kvale & Brinkmann, 2015; Thagaard, 2009). Det såg eg på som føremålstenleg fordi det ville opne for at intervjugersonane kunne dele det som var naturleg å snakke om, men som kanskje ikkje ville kome fram av spørsmåla i intervjuguiden. Spørsmåla eg laga på førehand ville difor ikkje vere avgrensande for kva intervjugersonane kunne dele.

Eit semi-strukturert livsverdintervju er definert som: «En planlagt og fleksibel samtale som har som formål å innhente beskrivelser av intervjugersonens livsverden med henblikk på fortolkning av meningen med de fenomener som blir beskrevet» (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 357). Temaa og spørsmåla er gjort klare på førehand, men det er ingen tvungen rekkefølge på dei, og forskaren står fritt til å legge til oppfølgingsspørsmål dersom samtalen opnar opp for dette. Ettersom det er semi-strukturert, vil intervjuet ofte opplevast som ein vanleg samtale, men kanskje av den meir djuptgåande typen. Likevel vil intensjonen og rollene hos dei involverte vere med på å skilje dette frå ein kvardagsleg samtale. Der vil alltid vere ein asymmetri mellom forskaren og intervjugersonen, der forskaren er den som styrer samtalen (Kvale & Brinkmann, 2015). Dette inneber mellom anna at det er forskaren, med sin førehandsutarbeidde intervjuguide, som startar og avsluttar samtalen, spør spørsmål og som kan endre tema om ønskjeleg (Kvale & Brinkmann, 2015). Utover dette, er det også andre faktorar som vil skilje eit semi-strukturert livsverdintervju frå ein vanleg samtale. Ofte vil forskaren og intervjugersonen ikkje kjenne kvarandre frå før, og det vil dermed vere ein midlertidig relasjon som ikkje har ein oppbygd tillit frå tidlegare (Thagaard, 2009). Dei ovannemnde faktorane vil bli nærmare adressert i delkapittelet om forskingsetiske aspekt.

Gjennom å velje semi-strukturert intervju, såg eg føre meg at eg ville få moglegheit til å spørje oppfølgande spørsmål basert på det intervjugersonane eventuelt viste interesse for, og såleis få ein samtale der dei gav skildringar av opplevelingar og tankar som dei sjølv var opptekne av. I planleggingsprosessen såg eg på det som ein styrke. I delkapittelet om førebuing og gjennomføring av intervju vil refleksjonane rundt dette bli ytterlegare greidd ut om.

3.4 Utval

Problemstillinga spør om *familieterapeutar* si oppleveling av profesjonalitet. Eg bestemte meg på førehand om at dette skulle vere familieterapeutar som er tilknytte familievernstenesta. For å svare på denne problemstillinga, var det då naturleg at utvalet skulle vere nettopp dette; familieterapeutar som er eller har vore tilsett i familievernstenesta. Det fordi dei i lys av problemstillinga var relevante å skulle få informasjon frå, som såleis gjer det til eit strategisk utval (Thagaard, 2009). Denne avgrensinga gav meg ein fordel med tanke på at eg enklare ville vite kvar eg skulle søke etter intervjugersonar, samt at konteksten og referanseramma ville vere felles for alle. Eg såg på det som viktig for at eg i analyseprosessen kunne gå ut frå at svara kunne relaterast til den same konteksten. På same tid kunne det å ha intervjugersonar berre frå familievernet opplevast som ei ulempe, då det viste seg å vere vanskeleg å få tak i intervjugersonar. Den eine intervjugersonen var på tidspunktet intervjuet fann stad privatpraktiserande, men hadde lang erfaring frå familievernet, og det var også gjennom ein e-post til ei familievernsavdeling eg kom i kontakt med han. Det gjorde at eg såg på

han som ein relevant intervuperson trass i at han ikkje på det tidspunktet intervjuet blei utført var tilsett i familievernet.

Intervupersonane blei rekruttert ved at eg sende ut ein e-post til ulike familievernavdelingar rundt om i Noreg der eg fortalte kort om studien med ein førespurnad om det var tilsette som kunne tenkje seg å delta. Eg sende i alt ut denne e-posten til sju familievernavdelingar. Kva avdelingar eg sende e-post til, var avhengig av kvar eg såg på det som praktisk å skulle reise til for å utføre intervju. Eg blei kontakta av tre interessentar og hadde såleis ikkje personleg kontakt med aktuelle intervupersonar før dei hadde vist interesse for å delta. Forskingsetisk sett ser eg på dette som ein fordel både for meg og for dei aktuelle intervupersonane, då denne framgangsmåten hindra dei frå å kjenne seg pressa til å delta. Med andre ord styrkar det prinsippet om at å delta i forskingsprosjekt skal vere frivillig (Kvale & Brinkmann, 2015).

I alt var det tre personar som ville stille til intervju. Det var éi kvinne og to menn, der to av dei var utdanna vernepleiarar i botn og hadde vidareutdanning i Familieterapi og systemisk praksis, medan éin av dei var utdanna psykolog. Alle tre hadde meir enn fem års erfaring frå offentlege familievernkontor. Dei kom frå ulike stadar i landet.

3.5 Førebuing og gjennomføring av intervju

I dette delkapittelet vil eg vise kva vurderingar eg gjorde i forkant, under og etter intervuprosesesen.

Etter at intervupersonane viste interesse for å delta, fekk dei tilsendt informasjonsskrivet med tilhøyrande samtykkeerklæring (Vedlegg 1). Det gav meir utfyllande informasjon om tematikk og utføringsmåte for studien, og eg bad eg dei difor om å gi beskjed om dei framleis var interesserte i å delta, eller om dei hadde ombestemt seg. Alle tre ville halde fram med deltakinga. Etter dette blei det avtalt stad og tidspunkt for intervjuet. All kommunikasjon føregjekk ved bruk av e-post. Når det gjaldt tidspunkt og stad for intervjuet, var det viktig for meg at eg var den som skulle tilpasse meg mest etter det deira ønskje. Dette for at det skulle vere mest mogleg høveleg for dei å delta. I utgangspunktet var alle intervupersonane opne for å bli intervjeta over Skype så vel som andlet til andlet, men mi innstilling var likevel at eg ønskte å møte intervupersonane andlet til andlet. Eg såg føre meg at det ville vere med på å bidra til meir naturlege samtalar enn dersom intervjeta blei utført over ein digital plattform (Kvale & Brinkmann, 2015). At eg skulle vere den som var mest tilpassingsinnstilt var viktig for meg, mellom anna for å allereie i planleggingsfasen skape tillit (Kvale & Brinkmann, 2015; Thagaard, 2009).

To av intervjeta blei utført på intervupersonane sine eigne kontor. Det var også den opphavlege planen for det tredje intervjuet, men det blei til slutt gjennomført over Skype, som følgje av smittevernstiltak mot utbreiinga av Covid-19. Å møte intervupersonane på deira eige kontor, trur eg var ein tryggleksfaktor for dei som intervupersonar og meg som forskar. Dette grunngir eg med at kontoret var ein stad dei var vande med å få personar dei ikkje kjende så godt inn til samtale, noko som gjorde at eg ikkje fekk særleg kjensla av å trenge meg på.

Intervjeta varte mellom 70 og 95 minutt. Intervjuet utført over Skype var det med kortast varighet. Eg har i etterkant lurt på om den digitale løysinga på utføringa av intervjuet hadde ein effekt på varigheita og om det hadde vart lengre om vi hadde møtt kvarandre andlet til andlet. To av intervjeta føregjekk på same dag, medan det siste blei

utført nokre veker seinare. Mellom dei to første fekk eg då ikkje lange stunda til å reflektere over mi eiga rolle som forskar og spørsmålsstillar, men eg opplevde begge intervjuet likevel som fruktbare og engasjerande.

Som førebuing til intervjuet, utarbeidde eg ein intervjuguide (Vedlegg 2). Her tok eg utgangspunkt i den dåverande problemstillinga og skreiv ned spørsmål som kunne vere relevante. Eg delte intervjuguiden inn i tema, der kvart tema hadde mellom to og fem spørsmål. Døme på tema var «Familieterapeutens eigenskapar» og «Relasjonen mellom familieterapeut og klient». I utarbeidinga av spørsmål forsøkte eg å fokusere på opne spørsmål som starta med formuleringar som til dømes «Kan du fortelje om...» og «Kva tenkjer du om...».

I utføringane av intervjuet var eg fokusert på å bruke intervjuguiden nettopp som ein guide; ein *rettleiar*. I praksis tydde det at eg ikkje følgde alle spørsmåla slavisk, men var open for å lytte til det intervjugersonane prata om og legge merke til det som engasjerte dei, for så å følgje det opp med spørsmål (Kvale & Brinkmann, 2015). Eg fekk dermed ikkje spurt alle spørsmåla, men som eit «minste felles multiplum», blei alle intervjugersonane spurde om dei spørsmåla som eg vurderte som nøkkelspørsmål i lys av temaet og problemstillinga for masteroppgåva (Ringdal, 2013). Om eg la merke til at det var noko særskild som engasjerte intervjugersonane, var eg frå før av bevisst på at eg ikkje skulle avbryte dei for å følgje intervjuguiden. Då følgde eg heller opp med ope spørsmål, som til dømes «Kan du fortelje meir om det?» og gav dei såleis rom til å fortelje. Eg opplevde ikkje at dette spelrommet gjorde at samtalen gjekk vekk frå temaet for intervjuet.

På starten av kvart intervju innleidde eg kort ved å minne om at deltakinga var frivillig og at dei kunne trekke seg når som helst. Eg minte også om at deira opplysingar og det dei fortalte gjennom intervjuet blei oppbevart på ein trygg måte (Kvale & Brinkmann, 2015). Før eg gjekk i gang med å stille spørsmål, bad eg dei også om at den yrkespålagte teieplikta blei opprethaldt gjennom intervjuforløpet. Sjølv om teieplikta er ein del av deira yrke, var det viktig for meg å minne om det for å vise at dette var noko eg var oppteken av. Problemstillinga blei også gjenteken før eg sette i gang med å stille spørsmål.

Alle intervjuet blei tekne opp på ein lydopptakar. Dette var intervjugersonane informerte om på førehand, og hadde gitt samtykke til. Eg gjorde dei også merksame på når eg skrudde lydopptakaren på og av før og etter intervjuet. Å ha ein lydopptakar gjorde at eg ikkje trengte å fokusere på å notere det intervjugersonane sa (Kvale & Brinkmann, 2015). Dette gjorde at eg kunne konsentrere meg om å vere til stades i samtalane med intervjugersonane, noko som eg ser på som positivt for både intervjugersonane og meg som forskar. Å skulle vere til stades i samtalene med intervjugersonane, i forstand av å vere merksam og lyttande som forskar, ser eg på både som eit teikn på respekt overfor dei som har stilt til intervju, men også som nyttig for å kunne legge merke til kva som er fruktbart å snakke meir om, i tillegg til kroppsspråk og gestikuleringar (Kvale & Brinkmann, 2015).

Det å skulle vere forskar i møte med intervjugersonar krev ei viss grad av sensitivitet. Ein skal helst vere aktivt lyttande, stille oppfølgjande spørsmål og legge merke til essensen av det intervjugersonane fortel. Dette er tre av kriteria som Kvale og Brinkmann (2015) presenterer som kvalifikasjonar for forskaren. For meg var det viktig å stille oppklarande spørsmål dersom det var noko eg ikkje forstod der og då i situasjonen (Ringdal, 2013). Eit døme på dette, var at det for meg verka som at dei ulike

intervjupersonane hadde ulik definisjon av kva det inneber å vere personleg og kva det inneber å vere privat. Ettersom dette var relevant for studien, var eg også merksam på å spørje om korleis dei definerte det då eg frå det eine til det andre intervjuet oppfatta ein viss skilnad i sjølve forståinga av dei to ulike omgropa. Dette var også ein måte *bracketing* kom til uttrykk på, der eg la til sides mi eiga forståing av omgropa for å forsøke å forstå kva tyding intervjupersonane hadde av dei (Lindseth & Norberg, 2004; Postholm, 2010).

I ein kvalitativ forskingsstudie kan prosessen føre til endringar. Problemstillinga kan endrast gjennom heile forskingsprosessen, avhengig av kva innsikt forskaren får (Thagaard, 2013)². Etter gjennomføring av intervjeta, såg eg at det ville vere vanskeleg å svare direkte på den problemstillinga eg først hadde, då den fokuserte meir på relasjonen mellom familieterapeut og klient. Eg valde difor å endre formuleringa på problemstillinga³. Eg såg likevel på både tematikken, spørsmåla i intervjuguiden og svara frå intervjupersonane som relevante, og at den nye formuleringa såleis ville ivareta det som var blitt sagt i intervjeta.

Lydopptaka og transkripsjonane blei trygt oppbevart. Dei blei lagra lokalt på min private, passordbeskytta PC utan moglegheit til å bli lasta opp i ei «lagringssky». Lydopptaka blei lagra gjennom programmet 7-zip, som også kravde passord for at lydfilene kunne opnast. Kvart enkelt transkripsjonsdokument blei også både anonymiserte og krypterte. Tryggleikskopiane blei lagra med same krav til passordbeskyttelse på ein ekstern, privat minnepinne. Sidan det var så få intervjupersonar, blei det ikkje oppretta ei liste med intervjupersonane sine namn og andre personopplysingar, då eg klarte å halde oversikt over dei utan.

3.6 Transkribering

Ettersom alle intervjeta blei tekne opp på lydopptakar, transkriberte eg dei i etterkant. I dette delkapittelet blir det greidd ut om kva vurderingar og omsyn eg tok då eg transkriberte intervjeta frå lydopptak til tekstform.

Transkribering av talespråk er i seg sjølv ein fortolkingsprosess (Kvale & Brinkmann, 2015), og eg måtte stadig vurdere korleis eg skulle overføre talespråket til skriftspråk. Eg forsøkte å vere konsekvent gjennom transkriberingsprosessen. Det var viktig for meg å fokusere på å skulle i høgst mogleg grad ivareta det intervjupersonane sa.

Transkriberinga blei gjort på nynorsk. For å vere mest mogleg tru mot det som blei ytra, transkriberte eg også lydar som «Eh» og «Hmm». Eg markerte også om dei til dømes lo eller plystra. Om nokon sa engelske ord, let eg dei også stå som engelske i transkripsjonen. Eg let vere å markere overlapp der intervjupersonane og eg snakka samtidig. Det var fordi eg var ute etter *meininga* bak det intervjupersonane sa. Det ville heller ha vore meir føremålstenleg å markere dette dersom eg var ute etter til dømes samspelet mellom intervjupersonen og meg (Kvale & Brinkmann, 2015). Som eit tiltak for å sikre anonymitet, inkluderte eg heller ikkje namn og stadar som blei nemnt av intervjupersonane.

² Gjennom masteroppgåva blir det referert til to utgåver av Thagaard (2009; 2013). Det heng saman med kva ressursar eg hadde tilgang til før og etter dei nasjonale smittevernstiltaka mot Covid-19 blei iverksett.

³ For den opphavlege problemstillinga, viser eg til Vedlegg 1.

Sjølv om ein i stor grad forsøker å transkribere ordrett, er det likevel ikkje til å unngå at noko går tapt i overgangen frå lydopptak til transkripsjon. Tonefall og trykk på ord er vanskeleg å overføre til skriftleg språk. Heller ikkje kroppsspråk og gestikulering er enkelt å inkludere i transkripsjonen (Kvale & Brinkmann, 2015). Ein av intervjugersonane brukte tavle til å forklare teoriar og modellar som vedkomande ofte brukte i yrket som familieterapeut. Eit tiltak eg gjorde for å forsøke å få med meg heilskapen i overgangen mellom lydopptak og transkripsjon, var å ta biletet av det vedkomande hadde teikna på tavla. Gjennom transkriberinga brukte eg biletet for å enklare forstå kva intervjugersonen refererte til då modellen blei nemnt i intervjuet og markerte dette i transkripsjonen. Intervjugersonen gav tillating til å ta biletet.

I gjengivinga av sitat i funnkapittelet valde eg å fjerne ord som «Eh» og gjentakingar som gjorde at setningsoppbyggingane blei avbrotne og ufullstendige. Intensjonen med det, var å gjere det lettare for lesarane å følgje med (Kvale & Brinkmann, 2015). Her ligg det også eit etisk aspekt eg som forskar bør tenkje på. Ettersom tale- og skriftspråk ber ulike uttrykk, kan det å gjere talespråk til skriftleg språk vere med på å framstille intervjugersonane på ein urettmessig måte. Å lese munnleg tale kan mellom anna gi eit inntrykk av at intervjugersonen er mindre talefør enn det vedkomande framstår som i intervjuet (Kvale & Brinkmann, 2015). Dei etiske vurderingane eg gjorde rundt dette vil bli adressert i delkapittelet om forskingsetiske aspekt.

3.7 Forskingsetiske aspekt

I løpet av ein forskingsprosess er det mange val som skal takast. Særleg når det gjeld det etiske, er det viktig at vala er grundig gjennomtenkte og tekne med gode intensjonar. Etisk riktige val krev mellom anna at forskaren på førehand har tenkt gjennom korleis vedkomande vil reagere dersom det skulle skje noko uventa (Kvale & Brinkmann, 2015). Dette kan til dømes vere om det blir avslørt opplysningar som er av teiepliktig karakter. Utvising av god etikk er eit viktig moment i ein vitskapleg studie (Larsson, 2005), og er dermed noko som bør gjennomsyre heile forskingsprosessen. I forsking er det tradisjonelt sett fire vilkår som er gjeldande for at ein studie skal bli oppfatta som etisk legitim (Kvale & Brinkmann, 2015). Desse fire er *informert samtykke, konfidensialitet, konsekvensar og forskaren si rolle*. Eg vil i dette delkapittelet presentere korleis eg har førehaldt meg til desse vilkåra gjennom forskingsprosessen.

3.7.1 Informert samtykke

Som eit utgangspunkt for deltakinga, er det eit krav om at intervjugersonane skal gi sitt informerte samtykke før intervjuet blir utført. I denne studien blei dette gjort skriftleg, der samtykkeerklæringa, som var ein del av informasjonsskrivet (Vedlegg 1), blei signert. Formålet med eit skriftleg, informert samtykke, er at intervjugersonane skal ha ei tilstrekkeleg forståing av kva studien inneber, kva metode som blir brukt og kva det vil innebere å delta (Kvale & Brinkmann, 2015). Eit anna aspekt ved det informerte samtykket, er at deltakinga skal vere frivillig og at det er høve for å trekke seg når som helst i løpet av prosessen (Kvale & Brinkmann, 2015; Postholm, 2010; Thagaard, 2013). Det at eg ikkje var i direkte kontakt med intervjugersonane før dei viste interesse for å delta, forsterkar inntrykket av at intervjugersonane deltok frivillig. Dei fekk tilsendt informasjonsskrivet etter å ha vist interesse for å delta i studien. I informasjonsskrivet blei det mellom anna nemnt kva problemstillinga var og døme på kva spørsmål kom til å

dreie seg om. Moglegheita for å trekke seg blei også opplyst om i informasjonsskrivet og nemnt i møte med intervupersonane rett før intervjuet blei igangsette.

3.7.2 Konfidensialitet

Eit anna vilkår som må vere oppfylt, er kravet om at opplysingane til intervupersonane blir behandla konfidensielt (Kvale & Brinkmann, 2015; Postholm, 2010; Thagaard, 2013). Før eg gjekk i gang med sjølve studien, melde eg den inn til Norsk senter for forskningsdata (NSD), som godkjende prosjektet (Vedlegg 3). Godkjenninga blei, saman med det informerte samtykket, såleis regulerande og bestemmande for kva informasjon eg fekk samle inn og oppbevare.

Eg gjorde ulike tiltak for å ivareta vilkåret om konfidensialitet. I transkripsjonen blei alle person- og stadnamn anonymiserte, og lydfilene og transkripsjonsdokumenta blei krypterte. Informasjonsskriva med signert samtykkeklæring samla eg inn og oppbevarte slik at berre eg hadde tilgang til dei. Som nemnt tidlegare, blei det ikkje oppretta ei liste med namn eller andre opplysingar om intervupersonane. I masteroppgåva er også alle intervupersonane presenterte med fiktive namn.

3.7.3 Konsekvensar

For personar som deltek i forsking, skal det ikkje innebere negative konsekvensar for dei å delta, verken før, under eller etter deltakinga (Kvale & Brinkmann, 2015; Postholm, 2010). Eventuelle konsekvensar av å delta i ein studie, kan til dømes vere at det intervupersonane snakkar om, blir for personleg og nært for dei, og at forskaren ikkje utviser sensitivitet overfor dei som deltakrar (Kvale & Brinkmann, 2015). På førehånd vurderte eg det til at det ikkje ville vere negative konsekvensar for intervupersonane å delta, men påpeikte likevel overfor dei ved starten av intervjuet at det ikkje skulle vere ubehageleg for dei å delta, og at dei kunne trekke seg når som helst i løpet av prosessen.

Vilkåret om fråvær av negative konsekvensar for intervupersonane blir også gjeldande når ein skal presentere funna i masteroppgåva. Her blir viktigheita av dei vurderingane som må vere til stades for at intervupersonane sin integritet og intensjonar blir ivaretake, særleg gjeldande (Jacobsen, 2015). Om dette blir ivaretake eller ikkje, kan ha noko å seie for om intervupersonane føler seg respekterte eller ikkje (Kvale & Brinkmann, 2015). Som det blei nemnt i delkapittelet om transkriberinga, valde eg å fjerne gjentakingar og overflødige ord som gjorde at setningane blei ufullstendige i dei sitata som blei inkludert i funnkapittelet. Dette var mellom anna for at det skulle bli meir lesarvenleg, samstundes som at det er skilnad på korleis ein kan bli oppfatta gjennom skriftspråk i forhold til talespråk (Kvale & Brinkmann, 2015). I prosessen med tilpassing av sitata for den skriftlege framstillinga, var eg bevisst på at det var eit etisk aspekt bak denne handlinga. Eg var klar over at feiltolkingar frå meg som forskar, kunne endre bodskapen, og prøvde difor å utvise forsiktigheit i prosessen med å fjerne gjentakingar slik at bodskapen til intervupersonane likevel ikkje skulle gå tapt.

3.7.4 Forskaren si rolle

Ifølgje Kvale og Brinkmann (2015) er forskaren sjølv det viktigaste instrumentet i ein studie. Dette set i seg sjølv føringar for korleis studien blir utført. Her er det viktig at forskaren er bevisst på eiga forforståing og eigen integritet og vurderingssans.

I møte med intervupersonane var eg, som tidlegare nemnt, bevisst på at eg i planleggingsfasen skulle tilpasse meg intervupersonane då det blei avtalt tidspunkt og stad for intervjuet, mellom anna for å bygge tillit (Thagaard, 2009). Vidare i intervjuet var eg bevisst på at eg som forskar måtte oppstre med ein sensitivitet overfor det intervupersonane fortalte. Med dette er det meint at eg ikkje skulle følgje intervjuguiden slavisk, men heller vere open for å lytte etter om det var ulike tema som særleg engasjerte intervupersonane. Å vere til stades ved å vere oppmerksam og lyttande var difor viktig for meg som forskar. Eg var også bevisst på at det frå starten ville vere ein asymmetri i relasjonen mellom meg som forskar og intervupersonane (Kvale & Brinkmann, 2015). Av den grunn var det, som nemnt, viktig å allereie frå den første e-postkorrespondansen fokusere på etablering av tillit og relasjon med intervupersonane.

Kva spørsmål eg som forskar valde å spørje om, var basert på problemstillinga og intervjuguiden. Eg hadde også valt semi-strukturert intervju, då dette ville opne for at eg kunne stille oppfølgjande spørsmål som ikkje var planlagde. Her blei eg særleg bevisst på at måten eg stilte spørsmåla på hadde mykje å seie for korleis intervupersonane tolka dei. Som førstegongsforskar ser eg difor at eg innimellom kunne formulert spørsmåla mine på ein meir open måte enn det eg gjorde. Det kan sjåast på som opparbeidd lærdom som hører med det å vere i ei forskarrolle (Kvale & Brinkmann, 2015).

3.8 Kvalitet

For å avgjere om ein vitskapleg studie og dei tilhøyrande konklusjonane er av god kvalitet eller ikkje, er det ulike kriterium som må oppfyllast. Desse kriteria blir kalla for pålitelegheit, gyldigkeit og overførbarheit (Thagaard, 2013), og dei vil bli greidd ut om i dette delkapittelet. I forsking har desse omgrepa tradisjonelt sett vore kalla for høvesvis reliabilitet, validitet og generalisering (Kvale & Brinkmann, 2015). Ettersom dei førstnemnde omgrepa er mest aktuelle innan kvalitativ forsking (Thagaard, 2013), er det dei eg kjem til å bruke heretter.

3.8.1 Pålitelegheit

Pålitelegheit handlar i hovudsak om resultatet er truverdig. Innan forsking, har det tradisjonelt sett handla om at andre forskrarar kan oppnå det same resultatet ved å bruke same framgangsmåte, som i så tilfelle vil gi ein studie høg pålitelegheit (Ringdal, 2013). Dette er likevel noko som er problematisk i kvalitativ forsking (Thagaard, 2013). Som hevda i førre delkapittel, er forskaren det mest sentrale instrumentet i ein forskingsprosess (Kvale & Brinkmann, 2015). Det kan difor vere utfordrande for andre å få akkurat lik studie fordi forskaren i mange kvalitative studiar er tett på forskingsdeltakarane (Thagaard, 2013). Det ein som forskar derimot kan gjere for å styrke pålitelegheita i ein kvalitativ studie, er å vere nøyaktig og transparent i gjengivinga av dei ulike stega i forskingsprosessen. Forskaren må også her utvise refleksivitet om kva rolle vedkomande har spelt gjennom prosessen (Thagaard, 2013).

Eg har tidlegare i denne masteroppgåva forsøkt å gi nøyaktige skildringar av korleis eg har tenkt gjennom forskingsprosessen. Eg har forklart korleis eg tenkte rundt

utarbeidingsa av problemstillinga og intervjuguiden. Vidare har eg vist korleis eg gjekk fram i rekrutteringa av intervupersonar og gjort greie for kva refleksjonar eg gjorde meg på førehand, under og i etterkant av intervjeta rundt det som handla om å følgje opp med relevante spørsmål og å vere til stades i intervjuet. Eg har også forsøkt å vise tydeleg dei vurderingane eg gjorde rundt transkriberingss- og analyseprosessens. Dette er tiltak eg har gjort for å vere transparent og såleis auke studien si pålitelegheit.

3.8.2 Gyldigkeit

Gyldigkeit handlar om det som er tenkt skal undersøkast faktisk har blitt undersøkt, og om tolkingane som er gjort faktisk representerer røynda (Thagaard, 2013). Det handlar om at ein med den valde metoden har klart å undersøke det som var intensjonen å undersøke, og om ein har klart å måle det ein vil måle (Kvale & Brinkmann, 2015; Ringdal, 2013). Her er transparens eit nøkkelord for at gyldigheita for ein studie skal vere relevant.

Måten analyseprosessen er blitt framstilt på i denne masteroppgåva, er eit tiltak for å skulle vere transparent. I funnkapittelet er dei inkluderte sitata frå transkripsjonen kommenterte eksplisitt. Dei er også kommenterte på ein måte som gjer at lesaren skal forstå at det er *forskaren sine tolkingar*, som er eit forsøk på at intervupersonane sine ytringar framleis skal bli ivaretakne. Tolkingane kan difor vere med på å generere refleksjon hos lesaren og legge til rette for at lesaren kan vurdere om tolkingane er gyldige (Thagaard, 2009). Det ovannemnde er tiltak eg har gjort for å auke studiens gyldigkeit.

3.8.3 Overførbarheit

Overførbarheit handlar om dei funna ein har kome fram til i ein studie kan gjelde i andre samanhengar (Thagaard, 2013). Eit anna uttrykk, som er meint for den kvalitative forskinga, er *ekstrapolering*. Med dette er det meint at ein dreg slutningar blant noko ukjent basert på noko kjent (Silverman, 2010). I denne studien er det familieterapeutar som er gruppa som har blitt intervjeta. Det er tenkjeleg at resultata frå denne studien vil gjelde andre familieterapeutar, samstundes som at den kan gjelde i andre samanhengar der det er eit asymmetrisk hjelpeforhold. Dette vil eg grunngi med at det er mange sosialfaglege yrkeskontekstar der det er klientar som kjem for å søke hjelp hos fagpersonar (Grimen, 2008). Fenomenet *profesjonalitet* er såleis ikkje låst til éin spesifikk kontekst som har ei hjelparolle, men kan også vere aktuelt mellom anna for psykologar, helsejukepleiarar eller rådgivarar i til dømes NAV. Felles for desse er at det er yrkesroller som får hjelpesøkande klientar inn på eit kontor for samtalar. Funna eg har kome fram til i denne analysen ber ikkje preg av at det er låst til familieterapikonteksten, og det er difor tenkjeleg at dei kan gjere seg gjeldande i andre kontekstar også.

3.9 Analyseprosessen

I dette delkapittelet vil eg gjere greie for korleis eg gjekk fram i prosessen med analysen, korleis eg analyserte meg fram til under- og hovudkategoriane og kva vurderingar eg gjorde undervegs.

For å analysere intervjeta, var eg inspirert av Lindseth og Norberg (2004) si fenomenologisk-hermeneutiske metode, som baserer seg på ein framgangsmåte med

først det dei kallar for ei «naiv lesing» og så ei tematisk strukturell analyse. Eg tok føre meg eitt intervju om gangen. Først las eg gjennom intervjuet i si heilheit før eg skreiv ned ei kort oppsummering av det eg særleg merka meg. Det er dette som blir kalla for «naiv lesing» (Lindseth & Norberg, 2004). Deretter hadde eg ein grundigare gjennomgang av intervjuet der eg las setning for setning. Her prøvde eg å sjå etter om det var tankar, kjensler eller opplevingar som blei skildra. Det eg tolka som relevant, noterte eg ned. Det var til dømes når intervjupersonane skildra tankane dei har i møte med klientane og kva det har å seie for korleis dei vel å gå fram.

For kvar setning eg tolka som relevant, trakk eg ut hovudessensen og formulerte det på nytt. Problemstillinga var førande for korleis eg vurderte kva som var relevant. Det eg trakk ut, blei ofte formulert med færre ord enn kva intervjupersonen brukte. Kvæle og Brinkmann (2015) kallar dette for meiningskonsentrering. Innimellan skreiv eg ordrett av det intervjupersonen sa, nokre gongar i sin heilskap, andre gongar med stikkord. Føremålet med dette var å få ei forenkla oversikt over det intervjupersonane sa (Kvale & Brinkmann, 2015). Der eg skreiv ned stikkord, var eg bevisst på å sjekke om den formuleringa eg skreiv ned ville vere ei rimeleg tolking av den opphavlege setninga til intervjupersonen. Dette var eg bevisst på gjennom heile prosessen, ettersom det er eit stort etisk ansvar å skulle disponere det som tilsynelatande er intensjonen til personen som stiller seg villig til å delta i eit forskingsprosjekt (Kvale & Brinkmann, 2015). Spørsmålet om det i det heile teke er mogleg, kan her gjere seg gjeldande, ettersom at eg heile tida vil ta med meg mi forforståing. Å skulle ivareta intervjupersonane sin intensjon og integritet er difor noko eg ser på som viktig å skulle tenkje på i forskingsprosessen, særleg i analyseprosessen. *Bracketing*, slik det er forklart tidlegare i kapittelet, vil her vere ein måte å førehalde meg til mi eiga forforståing.

Ifølgje hermeneutikken, vil forskaren stadig vere prega av si eiga forforståing (Kvale & Brinkmann, 2015). I prosessen med å forsøke å tolke det intervjupersonane har ytra, vil eg dermed aldri klare å forstå og såleis vidareformidle den opphavlege intensjonen fullt og heilt (Hauge & Holgernes, 2005). Bevisstheita rundt mi eiga forforståing og denne «umoglegheita» kunne likevel vere ein nøkkel til korleis eg i fortolkingsprosessen kunne tilnærme meg dei innsamla ytringane. Denne bevisstheita kunne mellom anna kome til uttrykk ved at eg stilte meg sjølv kritiske spørsmål om kvifor eg oppfatta ytringane som eg gjorde.

Etter å ha vore gjennom denne prosessen med alle tre intervju, var eg over i prosessdelen som blir kalla for tematisk strukturell analyse (Lindseth & Norberg, 2004). Hovudintensjonen her var å sjå etter likskapar mellom intervju. Dei meiningskonsentrerte setningane blei plasserte saman dersom eg vurderte at dei uttrykte det same. Dette resulterte i 14 ulike tema, som til dømes *Tryggleik*, *Sjølvivaretaking* og *Personleg og privat*. Vidare i prosessen tok eg føre meg eitt og eitt av dei 14 temaa. Her blei dei setningane som høyrd med temaet sortert etter kva intervjuperson dei høyrd til. På dette tidspunktet hadde eg skrive ut meiningskonsentreringane på små lappar. Dei blei såleis fysisk sortert framføre meg etter kven ytringane kom frå. Dette var eit tiltak for å enklare sjå likskapar mellom dei tre intervju. Kven ytringane høyrd til, var markert med A, B og C. Såg eg likskapar, blei desse plassert saman, og dei utgjorde såleis til saman ein underkategori (Kvale & Brinkmann, 2015). Eg konstruerte altså først underkategoriar før dei blei sett saman til hovudkategoriar.

For å forsøke å ivareta intensjonen til intervjugpersonane, hadde eg også tilgang til transkripsjonane i sin heilskap. Var eg usikker på om meiningskonsentreringane tydde det eg tolka det som, gjekk eg såleis tilbake til transkripsjonane for å sjå kva samanheng dei hørde til i. Dette viser korleis hermeneutisk tolking, og den hermeneutiske sirkelen, kan fungere i praksis. Gjennom å veksle mellom meiningskonsentreringa og transkripsjonane blei delstykket foreina med heilskapen i vekselverknadar (Lindseth & Norberg, 2004). Det blei såleis eit samspel mellom mi forståing, heilskapen (representert ved transkripsjonane) og delstykket (representert ved meiningskonsentreringane).

Ved gjennomgang av dei 14 tema, blei det danna mellom null og fire underkategoriar. Dersom det ikkje blei danna underkategoriar innanfor eit tema, var dette anten fordi at ikkje alle tre intervjugpersonane var representerte innanfor det aktuelle temaet eller at den bodskapen eg tolka frå meiningskonsentreringa ikkje var den same på tvers av intervjuet, sjølv om temaet var det same. Etter eg hadde gått gjennom alle 14 tema og delt opp i underkategoriar, såg eg etter korleis dei ulike underkategoriane kunne koplast saman. Dei som eg såg hadde ei naturleg samankopling, utgjorde til saman ein hovudkategori, til dømes at terapeuten sitt fokus på eit trygt rom (døme på underkategori) kan knytast opp mot fokuset på relasjonsbygging (døme på hovudkategori). Fleire underkategoriar utgjorde såleis til saman ein hovudkategori. Hovud- og underkategoriane fekk namn basert på kva underkategoriane kommuniserte og slik at dei kunne gi eit direkte svar på problemstillinga.

Avslutningsvis i dette kapittelet vil eg vise til eit døme der forståinga mi kom særleg til uttrykk. Etter kvart som eg begynte å skrive funnkapittelet og såleis behandle funna, såg eg også at nokre funn ikkje passa inn under verken hovud- eller underkategoriane. Det var legitime funn, men dei viste ikkje ein samanheng mellom innhaldet og dei andre funna. Dette resulterte i at eg då valde å fjerne dei frå heile funnpresentasjonen. Døme på dette var ein underkategori som tok føre seg korleis intervjugpersonane tenkte rundt det å avslutte klientforholdet. Eg valde å fjerne det heilt grunna av både praktiske grunnar med tanke på tid, men også med tanke på heilskapen i framstillinga av funn og drøfting, då eg synest det var vanskeleg å skulle trekke trådar mellom dette funnet og dei andre.

Å innsjå at funna ikkje var så relevante for ein hovudkategori likevel, var for meg ein måte å sjå korleis mi forståing kom til uttrykk. I utarbeidingsa av utkastet av funnkapittelet var den ovannemnde underkategorien relevant, men i neste runde hadde tida gitt meg ein anna avstand til det. Denne «avstanden» gjorde at eg kunne sjå det litt utanfrå, og såg dermed at det ikkje var like relevant å inkludere det med resten av funna. I den forskarrolla eg har vore i gjennom prosessen med denne masteroppgåva, har eg vore fokusert på at mi forståing ikkje skal ta overhand, men ein situasjon som denne viste meg at det er vanskelegare i praksis enn i teorien. Det er også eit prov på kompleksiteten i å prøve å legge til sida den forståinga ein har, samstundes som at den er vanskeleg, om ikkje umogleg, å kome utanom (Gadamer, 2012).

4 Presentasjon av funn

I dette kapittelet vil funna bli presenterte. Det er desse funna som svarer på problemstillinga for oppgåva, som spør korleis familieterapeuten opplever at profesjonalitet kjem til uttrykk i møte med klientane.

Etter utført analyse, valde eg å namngi tre hovudkategoriar: *Profesjonalitet uttrykt gjennom fokus på språk*, *Profesjonalitet uttrykt gjennom fokus på refleksjon og avkopling* og *Profesjonalitet uttrykt gjennom fokus på relasjonsbygging*. Figuren nedanfor viser korleis hovud- og underkategoriane er strukturerte (Figur 2).

Den første hovudkategorien sine underkategoriar er *Gjennom meta-kommunikasjon*, *Gjennom avklaring* og *Gjennom tilpassing av språket*. Underkategoriane som tilhører den andre hovudkategorien er *Gjennom sjølvrefleksjon og avkopling for å tolke det klientane fortel* og *Gjennom bevisstheit rundt kva som er greitt å dele frå eige liv*. Den tredje hovudkategorien har to underkategoriar som er kalla for *Gjennom haldninga terapeuten møter klientane med* og *Gjennom å skape eit trygt rom for klientane*.

Som tidlegare nemnt, vil intervjupersonane bli refererte til ved fiktive namn. Desse er Johanne, Bernt og Olav.



Figur 2 Hovudkategoriane med tilhøyrande underkategoriar

4.1 Profesjonalitet uttrykt gjennom fokus på språk

Denne kategorien baserer seg på korleis intervjugersonane uttrykker korleis språket er eit verktøy for dei i møte med sine klientar. Dei vektlegg det i ulik grad, men felles er det for dei at språket er viktig for å hindre at det skal bli for stor avstand mellom terapeut og klient. Det vil seie at terapeuten og klientane har avklart kva dei legg i eit omgrep som det snakkast om og at avstanden blir hindra ved at familieterapeuten og klientane har eit tilnærma likt ordforråd i samtale med kvarandre. Det er i alt tre tilhøyrande underkategoriar; *Gjennom meta-kommunikasjon*, *Gjennom avklaring* og *Gjennom tilpassing av språk*.

4.1.1 Gjennom meta-kommunikasjon

Noko som går igjen blant alle intervjugersonane, er at dei koplar profesjonalitet til å uttrykke kva dei observerer i samtalen med klientane. Dette gjeld anten korleis klientane samspelear seg imellom i timen eller når terapeuten ser at klientane vegrar seg for å snakke. Å snakke om opplevinga saman, kan vere med på å få fram tankar som både terapeut og klientane sit med.

Om til dømes terapeuten merkar at klient vegrar seg for å skulle svare på eit spørsmål, opplever Olav det som føremålstenleg å seie nettopp det:

Eg kan også kommentere direkte på det og seie til dømes at, «Det er som om det er noko som stoppar opp her, og eg synes det er...», ein seier det ut frå seg sjølv, «Er det noko de vil eg skal gjere annleis eller synes de at eg går for fort fram eller synes de at eg går for sakte fram? Er det noko eg kan gjere for å lette situasjonen? Gjere det enklare for deg å kome ut med det du på ein måte har på hjartet?» (Olav)

Ved å stille spørsmål, som til dømes «Er det noko eg kan gjere for å lette situasjonen?», viser Olav at han er interessert i å vite korleis klienten oppfattar samspelet mellom dei. Desse spørsmåla kan også vere med på å hjelpe klienten til å setje ord på kjenslene sine. Spørsmåla rettar seg inn mot korleis det er for klienten å vere i samtale framfor kva dei samtalar om, noko som fører til meta-kommunikasjon rundt sjølve samtalen. Han seier at han «seier det ut frå seg sjølv», noko som kan vere eit uttrykk for at han seier det ut frå kva han oppfattar der og då. Både det at han viser interesse for tankane til klienten, men også at han aktivt stiller spørsmål om korleis han kan gjere det enklare for klienten å fortelje, kan sjåast på som at han vil vise at han tek klienten på alvor, som kan seiast er eit uttrykk for profesjonalitet.

Johanne fortel:

Viss eg stiller eit spørsmål, eg merkar viss dei ser litt sånn, «Kvífor spør du om det?», så seier eg, «No verka du litt overraska. Det var kanskje litt rart spørsmål, men grunnen til at eg gjorde det, var sånn og sånn og sånn». (Johanne)

Johanne fortel at ho merkar når klienten blir «litt overraska» av eit spørsmål. Då set ho ord på det, anerkjenner det og forklarer grunnen til at ho stilte spørsmålet. Det kan tolkast som eit forsøk på at klienten skal forstå kva ho tenkjer, som kan gjere at dei får ei felles forståing av korleis samtalens er. Gjennom at Johanne fortel kvifor ho stiller det aktuelle spørsmålet, får ein fokusert samtalens inn mot korleis det er å vere i samtalens framfor akkurat kva ein snakkar om. Profesjonaliteten blir då uttrykt ved at terapeuten grunngir spørsmålsstillinga og gir klient høve til å få ei betre forståing.

Bernt spør klientane på slutten av kvar time om korleis dei har opplevd timen. Dette gjer han for å legge til rette for at klientane skal kunne kjenne at det er greitt å kome med tilbakemeldingar:

Men akkurat dei tre spørsmåla på tampen er fordi at dei skal føle at er det noko som vi snakkar om eller som skjer eller, så skal det vere trygt å så seie ifrå, og det skal vere trygt å på ein måte seie ifrå viss ein opplever at eg ikkje har vore ordentleg med dei. (Bernt)

Når han seier at han vil at det skal «vere trygt» for klientane å seie ifrå dersom dei opplever at han ikkje er «ordentleg» med dei, kan dette tolkast som at spørsmåla er der for å skape ein tryggleik for klientane om at han som terapeut er interessert i å ta dei som klientar på alvor. At klientane får moglegheit til «å seie ifrå», kan seiast å vere ein måte å opne opp for meta-kommunikasjon.

Denne underkategorien viser at intervjugpersonane uttrykker profesjonalitet gjennom meta-kommunikasjon. Ved at dei som terapeutar stiller spørsmål og fortel korleis dei opplever samspelet, kan tolkast som at dei anerkjenner klientane og viser at dei vil ta klientane på alvor.

4.1.2 Gjennom avklaring

I første time ser alle intervjugpersonane på det som viktig å få avklart kvifor klientane har teke kontakt. Det kan tolkast som ein måte profesjonalitet kjem til uttrykk på, då dei vil ha eit riktig bilet av kva klientane treng hjelp til. Dei spør om dei bakanforliggende årsakene og klientens motivasjon for å söke hjelp hos ein familieterapeut.

Det som blir viktig for Johanne i den situasjonen, blir å spørje tilbake og få stadfesta at ho har forstått klientane riktig:

Det at eg sit og hører, bevisst bekreftar, gir tilbake, summerer opp det eg har hørt, sjekkar ut at eg har forstått det riktig, det er jo ein del av relasjonsbygginga tenkjer eg, fordi at det er viktig at dei føler dei har blitt forstått og at begge føler at dei har blitt forstått. Då tenkjer eg at dei toler meir. (Johanne)

Å få eit klart bilet av kvifor klientane har teke kontakt, vil vere med på å gjere at terapeuten veit betre korleis klientane kan hjelpast. På same måte blir det viktig for

terapeuten å få klart kva dei ønskjer å få ut av timane. Gjennom at Johanne «summerer opp» det ho har hørt og «sjekkar ut» at ho har forstått det riktig, kan tyde på opplevinga av at ho viser at ho er interessert i det klientane har å kome med. Ho vil også at begge klientane skal «føle at dei har blitt forstått». Å vise at ein som terapeut har lyst å forstå klientane riktig, kan difor tyde på eit uttrykk for profesjonalitet.

Bernt fortel:

Men det er berre å få eit sånn godt biletet, kven er det eigentleg eg har i rommet? Og kva er historia dykkar? Og kva er det på ein måte av ressursar og nettverk og... litt sånn grundig kartlegging da. Så forskjellen på familievernet, der på ein måte dette må skje litt sann [plystrar] full fart i første timen for liksom å finne litt ut av det, så har du her litt betre tid, og som sagt, sidan dei betalar ein god slump med pengar for å gå her, ikkje sant, så må du klarere korleis det der er på førehand så dei veit korleis eg jobbar då. (Bernt)

Bernt er ute etter «eit godt biletet» av klientane sine i starten. Då spør han om mellom anna om historia deira. Det kan tolkast som at han ønskjer eit utfyllande biletet av kven klientane er. Noko som skil seg ut, er at han, som privatpraktiserande, har betre tid til å avklare bakgrunnen for at klientane søker hjelp enn dei som jobbar i offentleg sektor. Han tek difor tida til bruk for å bli kjend med klientane. Det er ikkje berre i første time det er viktig for han å få avklart kva klientane tenkjer. Dei faste spørsmåla på slutten av kvar time, som spør korleis klientane har opplevd samtalen, gir Bernt ein indikasjon på om han har klart å hjelpe klientane slik han forstår klientane vil bli hjelpt:

Ja, det er ein omsorg og også ei slags rettleiing til meg om at har eg på ein måte haldt meg til bestillinga og ikkje trakka utanfor dei rammene eg eigentleg skal då. Litt sånn eigenkorrektiv også. (Bernt).

Spørsmåla han stiller på slutten bruker han som ei «rettleiing» og «eigenkorrektiv» for seg sjølv. Dette kan tyde på at han utviser profesjonalitet ved å vise at han vil halde seg innanfor dei «rammene» han oppfattar er ønskeleg frå klientane si side, og at avklaringa blir ei hjelpt til det.

Denne underkategorien viser at intervjupersonane legg vekt på å få avklart kva motivasjon og grunn klientane har for å søke hjelp hos ein familieterapeut. Dette kan seiast er eit uttrykk for profesjonalitet, då familieterapeutane viser ei interesse for å hjelpe basert på det klientane kjem med.

4.1.3 Gjennom tilpassing av språket

Intervjupersonane opplever at det er eit uttrykk for profesjonalitet å vere bevisst språket ein bruker i møte med klientane. I dette ligg det både det at ein er nøyne med å definere kva ein meiner når ein snakkar om noko, til dømes eit omgrep eller uttrykk, men også det å vere bevisst kva ord ein vel å bruke i samtale med klienten.

Som familieterapeut møter ein mange forskjellige menneske, mellom anna når det gjeld kultur, bakgrunn og utdanningsnivå. Ifølgje Olav vil det i nokre tilfelle då vere avgjerande at ein klarer å tilpasse måten ein snakkar til dei på:

Med andre akademikarar, så kan ein snakke akademisk. Altså, ein kan bruke ein del framord og sånt, men det fungerer därleg viss ein har folk som, haldt på å seie, jobbar på golvet. Som jobbar i industrien eller eit eller anna, ikkje sant, har ein eller anna jobb, har eit mykje lågare utdanningsnivå. Då må ein vere villig til å legge om språket, ikkje ha så mykje framord. (Olav)

Olav merkar at språket er viktig i møte med klientane sine og at han «må legge om språket» og «ikkje ha så mykje framord», ofte grunna av at det blir for store skilnadar i kva utdanningsnivå dei har.

Johanne trur at å bruke andre ord enn det klientane bruker vil vere med på skape ein «avstand» mellom ho og klientane, som vil hindre at dei deler tankane sine med ho. Dette kan difor tolkast som den profesjonaliteten ho viser ved å tilpasse språket sitt etter klientane sitt. Det kan tenkast at språktippassinga er med på å vise at ho kan møte klientane på deira premiss.

Eg kan ikkje sitte og snakke om «å reflektere» eller «kongruens mellom det vi seier og det vi gjer» eller «meta-perspektiv» viss det ikkje er nokon av orda deira. Det vil jo skape ein veldig avstand. Og avstand påverkar oss jo og gjer jo for dei fleste av oss at «her kan ikkje eg seie noko», så eg tenkjer faktisk orda. Ikkje at ein forandrar seg, men at ein klarer å... veit ikkje om «sjonglere» er riktige ordet, men faktisk lytte inn kva ord det er dei bruker. Bruke noko av den same måten dei snakkar på. Altså, gi det tilbake då. Viss det gir meining. Eg har ikkje tenkt over det her, men eg gjer det nok. Eller eg gjer det utan at det kanskje blir litt sånn veldig bevisstheit rundt det, så blir det på ein måte å jobbe på. (Johanne)

Johanne seier at avstand er noko som kan gjere at den andre føler dei «kan ikkje seie noko». Ut ifrå slik ho uttrykker ho opplever effekten av ein språklegskapt avstand, kan det sjåast på som at det i verste fall vil hindre klienten i å i det heile teke ha lyst til å fortelje. Det kan difor tolkast som at profesjonalitet kjem til uttrykk gjennom at ho er bevisst på kva effekt språket hennar har.

For Bernt er det viktig at han viser for klientane at dei må ha same utgangspunkt når dei snakkar om noko i tillegg til at han kjenner til korleis klientane definerer noko når dei snakkar med han om. Det vil gi både han og klientane eit felles grunnlag og utgangspunkt som dei saman kan arbeide ut ifrå.

Så språk er ein fundamental knagg då for min del fordi at det nyttar ikkje å kome med metodar eller med ulike tilnærmingar viss du ikkje er i stand til å kome litt sånn under huda på kva er det folk eigentleg meiner. (Bernt)

Å «kome under huda på kva er det folk eigentleg meiner» kan tolkast som ei interesse for å forstå klientane riktig, og at det blir eit utgangspunkt for korleis dei kan jobbe saman mot ei løysing på klientane sine problem. Ei felles forståing av kva ein legg i eit omgrep vil hjelpe han å forstå klientane, og det kan difor tolkast som eit uttrykk for profesjonalitet.

Denne underkategorien viser at tilpassing av språket kan tolkast som eit uttrykk for profesjonalitet, då intervupersonane viser at dei er klar over at dei som familieterapeutar og klientane kan ha andre ulike føresetnadar for korleis ein kan tolke ord og uttrykk, men også for kva vokabular ein har. Dei viser at dei tilpassar språket for at dei og klientane lettare skal forstå kvarandre.

4.2 Profesjonalitet uttrykt gjennom fokus på refleksjon og avkopling

Denne kategorien uttrykker at terapeuten viser profesjonalitet gjennom korleis ein handlar og reagerer basert på prioritering av refleksjon og avkopling i arbeidet sitt. Kategorien viser at å ta imot det klientane fortel, fordrar at terapeuten har eit bevisst reflektert forhold til seg sjølv som person og eigne erfaringar for å kunne hjelpe klientane på best mogleg måte. Det vil såleis vere eit funn som ikkje seier korleis terapeuten direkte uttrykker profesjonalitet over klientane, men heller kva tiltak ein som terapeut kan gjere for å kunne evne å oppstre profesjonelt. Det er i alt to tilhøyrande underkategoriar; *Gjennom sjølvrefleksjon og avkopling for å tolke det klientane kjem med* og *Gjennom bevisstheit rundt kva som er greitt å dele frå eige liv*.

4.2.1 Gjennom sjølvrefleksjon og avkopling for å tolke det klientane fortel

Den tida ein set av til seg sjølv og refleksjon over eige liv er noko som peika seg ut i møte med intervupersonane. Dei viser til at det å ha eit avklart forhold til sine eigne kjensler og tankar i møte med klientane, og difor vite korleis ein reagerer på det klientane fortel, er eit uttrykk for profesjonalitet. Dette handlar om både det å ha eit avklart forhold til sin eigen bakgrunn og eiga erfaring, men også reint praktisk hugse å ta pause mellom klientsamtalane.

Men profesjonell. No når vi har snakka om det, så tenkjer eg det å vere profesjonell for meg, handlar om at eg tek ansvar for at eg har eit avklart forhold til kva som er mitt og kva som er dei som kjem sitt. Og at eg klarer å verne dei og legge til rette for dei og ikkje blir så låst i verken mitt, ikkje blir så låst i metode eller ikkje klarer å skilje mine kjensler frå deira. (Johanne)

Johanne seier at ho treng å ha eit «avklart forhold» mellom kva som er hennar og kva som er klientane sitt. Her er det nærliggande å tolke som at «mitt» og «dei som kjem sitt» er det ein har av erfaringar, kjensler og tankar frå eige liv. Ei avklaring som dette seier ho vil hindre ho frå å bli «låst i metode» og at ho «klarer å skilje mine eigne kjensler frå deira», altså sine eigne kjensler frå klientane sine. Ho ser på det som profesjonelt at ho sjølv tek ansvar for at det skiljet er på plass. Å ha eit avklart forhold til «sitt» kan tolkast som at refleksjon er ein føresetnad. Får ho moglegheit til det i arbeidskvardagen, tek ho seg tid til sjølvrefleksjon:

Men vi får ein del som avbestiller, sant vel. Og då er det automatisk nokon hol. Og hadde ikkje det vore, så trur eg nok eg hadde sett av meir sjølv. Altså, det kan vere sjukt barn, eit eller anna sann. Så innimellom så er der litt. Og då pleier eg å seie til kontorfagleg: «De treng ikkje å hive inn noko sånn to timer før. Det er heilt greitt». Ja. Så det er også ein måte å faktisk få stoppa opp litt. (Johanne)

Som familieterapeut møter ein klientar i ulike livssituasjoner, nokre meir sårbare enn andre. For å kunne skape ein trygg stad for klientane å vere, opplever intervjugersonane det slik at dei må gi uttrykk for at dei toler å bere det klienten deler frå sitt liv. Olav referer til det han har høyrd ein annan person seie om at terapeuten ikkje skal ha sterke reaksjonar enn det klienten har:

Og så hugsar eg litt det eg sa for ei stund sidan, nemleg dette her med å aldri ha sterke reaksjonar enn det klienten har. Det er noko med å avdempe eigen reaksjon også. Det er jo vi som hjelparar, altså, vi som terapeutar som skal hjelpe klienten. Det er jo ikkje klienten som skal begynne å tenkje at, «No må eg hjelpe. No må eg ivareta terapeuten. Dette toler han ikkje å høyre». Sant, det blir heilt feil. (Olav)

Gjennom at Olav seier at det er «terapeuten som skal hjelpe klienten», og understrekar at ein som terapeut skal «avdempe eigen reaksjon». Rolleforståinga hans gjer han bevisst på sin eigen reaksjon, som kan gjer at han klarer å vise at han toler det klientane fortel. Det igjen vil vere eit uttrykk for profesionalitet.

Bernt fortel:

Eg trur at den einaste måten å hjelpe folk på, det er å forstå seg sjølv, kva du har med deg. For, ikkje sant, eg kjem inn i dette rommet med ei heil historie. Og det er ikkje sann at eg legg ifrå meg den historia når eg går inn døra der, eg har ho med meg heile tida. Og då er vi igjen tilbake til, ikkje sant, kva tid blir eg aktivert på mine kjensler og kva tid vekker klienten noko i meg som eg må vere litt bevisst på. Og der er vi igjen tilbake igjen til det med rettleiing og å ha sparringspartner som du kan på ein måte bruke for å vere veldig bevisst på det. (Bernt)

Bernt meiner også det er viktig med sjølvrefleksjon. Han trur at ved «å forstå seg sjølv» kan ein hjelpe andre. Hans «historie» blir med i møtet med klientane. Her er det nærliggande å tolke «historie» som hans levde liv. Å vere bevisst på dei erfaringane, tankane og kjenslene ein har med seg frå sitt eige liv, kan altså hjelpe mot å bli kjenslemessig aktivert av det klientane deler med terapeuten.

Olav fortel:

Altså, det er viktig å ta seg små fem minuttar, ti minuttar, kvarters pausar mellom klienttimane, og då gjere noko heilt anna. Altså, gå ut på felleskjøkkenet og lage seg ein kopp kaffi eller ta eit glas vatn eller sjå ut av vindaugelet eller kva som helst [...] Men poenget er å gjere noko som gjer at ein får litt sånn mental kvile og ei lita mental opplading før neste klienttime. Det er altså profesjonalitet for meg. (Olav)

For Olav opplevast det som eit uttrykk for profesjonalitet å hugse å ta seg pause mellom samtalane. Han bruker orda «mental kvile» og «mental opplading» og verdset pausar. På den måten får han kopla av og lada opp til neste samtale. Det gjer han klar til å møte klientane.

Denne underkategorien viser at intervjugpersonane si vektlegging av refleksjon og avkopling vil vere med på å bidra til at deira profesjonalitet kjem til uttrykk gjennom at dei kan reagere på ein god måte og tolke det klientane fortel i samtale med dei. Det er dermed handlingar, som ikkje nødvendigvis skjer når dei er saman med klientane, men som likevel vil resultere i korleis dei opptrer overfor klientane når dei møtast.

4.2.2 Gjennom bevisstheit rundt kva som er greitt å dele frå eige liv

Intervjugpersonane er samde om at det ligg profesjonalitet i det å kunne vise litt av seg sjølv i møte med klientane. Dei er tydelege på at dei ikkje skal ta over samtalen ved å blande inn seg sjølv og sitt eige liv, men har likevel ulike tilnærmingar til kva som er greitt å fortelje og ikkje.

Bernt fortel at dei erfaringane han sit på frå sitt eige liv kan vere verdfulle å ta med i møte med klientane:

Du må tote å på ein måte vise kven du er, du må tote å bruke dei erfaringane du sit på og du må også vere veldig bevisst på å fortelje klienten når du blir berørt. Men du skal ikkje bli privat. Du skal ikkje begynne å liksom ha sann eigenterapi eller begynne å liksom brette ut av alle vondtane eller sårbarheitene, men det der er ein sann vanskeleg balansegang som det tok lang tid før eg heilt klarte å finne ut av. (Bernt)

Bernt seier at ein må «tote å vise kven du er» og «tote å bruke erfaringane du sit på». Dette kan tolkast dit at ein kan vere personleg i møte med klientane. Sjølv om eins eigne erfaringar kan vere eit godt verktøy til å bruke i samtale med klientar, er Bernt likevel klar på at terapeuten sine eigne «vondtar» og «sårbarheiter» er noko som klientane skal skjermast for, og at det krev ein «balansegang». «Vondtar» kan her tolkast som vonde kjensler.

Johanne kan gjerne vere privat i den forstand at ho fortel om korleis ho lever heime, men at ho ikkje vil fortelje om sine personlege erfaringar:

Eg pleier ikkje å snakke om mitt for å seie det sann, mine personlege erfaringar i terapi. Det gjer eg ikkje. Og det er bevisst i forhold til at det handlar ikkje om meg. Eg har det jo med meg. Eg kan godt seie, «Eg veit ikkje korleis det er for dykk, men eg har møtt nokon andre som har erfart det sånn og sånn og sånn». Det kan godt vere frå mitt liv, men eg seier det ikkje. Fordi at det handlar ikkje om meg. Eg ønskjer å ha det hos dei. (Johanne)

Når ho seier «Eg har det jo med meg» kan det tolkast som at ho anerkjenner sine eigne erfaringar, men at ho er bevisst på at klientane ikkje treng å få innblikk i dei. Dersom ho deler sine erfaringar, ytrar ho det på ein måte som gjer at det ikkje kjem fram at det er hennar eigne. På den måten blir dialogen framleis konsentrert rundt klientane; «hos dei».

Olav fortel:

Sjølv om ein tilstrebbar å vere profesjonell, så kan ein godt vere ein del personleg. Og det synes eg i grunn ofte berre er eit pluss. Det blir på ein måte som ein sånn personleg signatur. Men det å vere privat, det vegrar eg meg meir for [...] Det å vere personleg det er å kunne gi litt av seg sjølv, kunne kommentere på noko, gi sin eigen signatur. Medan det å vere privat, det blir meir å avsløre ting frå privatlivet. (Olav)

For Olav er å vere personleg å vise litt av seg sjølv i møte med klientane. Det kan mellom anna bety å kommentere daglegdagse ting i møte med klientane. Han vegrar seg for å skulle fortelje om noko frå privatlivet, og er difor meir restriktiv overfor det.

Dei tre intervjugersonane er samde om at terapeuten skal ikkje dele så mykje at han eller ho tek fokuset vekk frå klientane sin situasjon, men at dialogen skal handle om dei. Det kjem fram at intervjugersonane har ulik tilnærming til kva dei kategoriserer som «personleg» og «privat». Johanne seier at ho kan vere privat, men ikkje personleg. Olav seier han kan vere personleg, men ikkje privat. Bodskapen er likevel lik; dei veit kva dei synest er greitt å dele frå eige liv, og dei veit kva dei ikkje vil dele. Bevissttheita rundt å vite sjølv kvar skiljet går mellom å dele personlege og private erfaringar, blir dermed eit uttrykk for profesjonalitet i møte med klientane.

4.3 Profesjonalitet uttrykt gjennom fokus på relasjonsbygging

Denne kategorien tek føre seg korleis terapeuten på best mogleg måte kan vise at han eller ho viser seg som profesjonell gjennom å fokusere på å bygge relasjon med klientane sine. Gjennomgåande for alle intervjugersonane er at alle meiner at relasjonen mellom terapeut og klient er viktig. Det er i alt to tilhøyrande underkategoriar; *Gjennom haldninga terapeuten møter klientane med* og *Å skape eit trygt rom for klientane*.

4.3.1 Gjennom haldninga terapeuten møter klientane med

Noko intervjugersonane meiner er viktig for å utvise profesjonalitet, er at ein møter klientane med ei haldning og eit menneskesyn som er klientane verdig. Om klientane føler seg respekterte og imøtekommne for den dei er, er opplevinga til intervjugersonane at dei vil opne seg meir overfor terapeutane.

Bernt fortel:

At du behandlar folk med den integritet og respekt som dei fortener. At du tek i mot alle med den same audmjukskap og haldning då som dei fortener. Sann at profesjonell for meg handlar ikkje om nødvendigvis om å opptre så veldig korrekt, viss det gir mening med ordet korrekt, men det handlar om på ein måte ei grunnhaldning i måten du møter folk på. Og at det skal vere litt ordentleg. At det skal ikkje skal vere litt sann hyrten og styrten og halvgjort, men at det skal liksom vere litt sånn kvalitet i alt det du held på med. For det er ekstremt komplekse ting vi jobbar med, og det finst ingen fasit på noko. Sann at for meg handlar først og fremst profesjonalitet om ei grunnhaldning om korleis du møter folk. (Bernt)

Her gir Bernt uttrykk for at profesjonalitet er meir «ei grunnhaldning» framfor «å opptre så veldig korrekt» i måten ein møter klientane på. Han bruker både orda «audmjukskap» og «haldning», som kan tolkast som at det handlar meir om terapeuten si innstilling som tel i møte med klientane framfor akkurat kva som blir gjort. Han seier at det handlar om å «behandle folk med den integritet og respekt dei fortener», og han seier at det ikkje finst ein fasit på korleis ting skal bli gjort. Han seier også at det handlar om «ekstremt komplekse ting». Dette kan tolkast som at klientane kjem inn med ulike problemstillingar og ulike bakgrunnar, og at terapeuten må kunne tilpasse seg etter det som tilsynelatande er best for kvar einskild situasjon. Då vil ei grunnhaldning med «respekt», «integritet» og «audmjukskap» i sentrum såleis bli ein måte å møte klientane på.

Olav fortel:

Det er viktig at klienten ikkje skal tape andlet til dømes. Føle at dei har dumma seg ut, det er ikkje noko bra. Rett som det er, så er det nokon som begynner å gråte, altså ta til tårene. Eg trur at her på kontoret, så har vi vel alle ståande ei sånn eske med Kleenex, sann papir rett og slett, og det er nettopp til det formålet. Så viss det er ein klient eller begge tek til tårene, så er det ofte at eg til dømes grip eska og tilbyr vedkomande. Det tenkjer eg er ein type ivaretaking. (Olav)

Olav meiner at ein må ivareta klientane på ein måte som gjer at dei ikkje «tapar andlet», men at dei blir møtt av terapeutar som beheld roa. Når Olav ser at klientane har det tøft og startar å gråte, ser han på det å «gripe eska og tilby vedkomande» som ei ivaretakande handling. At han seier dette, kan tyde på at han ser klienten og dei kjenslene vedkomande har i det gjeldande augeblikket. Handlinga, som er å rekke

papirtørkle til klientane som gret, kan vise at det er greitt for han at dei gret, som kan tyde på at han som terapeut møter klientane med ein aksept.

Johanne fortel:

Så eg tenkjer at eg må kunne ivareta dei med at eg må tolle å ta i mot det dei kjem med og gi dei ei stadfesting på det og dei må sjå at det går bra, fordi då er det trygt for dei å seie meir. Og at eg har respekt for mennesket uavhengig av kanskje erfaring eller handling eller kva dei har gjort eller... Eg håper vertfall at dei som kjem til meg kjenner det, og det går jo litt på haldning. Så eg tenkjer at terapeuten sitt menneskesyn og haldning har noko å seie. Det er jo kanskje ikkje noko vi snakkar om, for det ligg liksom i oss [...]. (Johanne)

Her kjem det fram at «menneskesyn og haldning» er eit viktig utgangspunkt for korleis ein terapeut kan møte klientane. Johanne utgreier ikkje ytterlegare om *kva* «menneskesyn og haldning» det er snakk om, men opplever at ho best kan ivareta klientane gjennom at dei opplever at ho møter dei med ein «respekt uavhengig av erfaring eller handling».

Denne underkategorien viser at terapeuten si haldning overfor klientane er førande for korleis terapeuten møter klientane, og vil såleis vere eit uttrykk for profesjonalitet.

4.3.2 Gjennom å skape eit trygt rom for klientane

Gjennom å vise litt av seg sjølv som person, meiner intervupersonane at dei kan vere med på å ufarleggjere situasjonen litt og skape eit trygt rom for klientane. Det kan tolkast som ein måte å ta vare på klientane, og såleis ein måte å vere profesjonell på.

Så kjem dei her spente og sårbare og usikre, ikkje sant, set seg i stolen, og det er ikkje utan grunn til at eg har stressless her for å seie det sånn. Eg kjem til å skifte dei ut etter kvart, men då er litt av tanken også at eg skal ha stolar som går litt ut på sida, berre litt sann at du skal kjenne at det er komfortabelt og trygt å sitte her. [...] At det skal kjennast litt alright ut da. Og berre ein sann liten ting, sant, eg har vald ein litt mykje enklare stol sjølv og det er litt den same bevisstgjeringa, at ein skal vise at, «Det er ikkje eg som er sentrum her, det er de som er viktige». (Bernt)

Bernt sitt fokus på at det skal opplevast trygt for klientane kjem mellom anna til syne gjennom det fysiske miljøet. Han ønskjer at stolane skal gjere at klientane skal kjenne det er «komfortabelt og trygt» for dei å sitte i rommet. Han seier også at stolane som er i rommet fungerer som ei bevisstgjering på at det er klientane som skal vere «i sentrum» for samtalet.

Olav fortel:

Nokre gongar kan det vere hensiktsmessig å gi litt av seg sjølv, altså by på seg sjølv litt. Det er det eg meiner. Altså, og då kan ein til dømes seie, «Ja, det der kjenner eg igjen frå eige liv», «Det skjedde meg» eller «Noko liknande var eg oppi for fem år sidan» eller åtte år sidan eller kva det skulle vere. Det, det trur eg kan vere OK å gjere i blant for å skape meir «connection» med klientane. Altså, gjenkjenning. (Olav)

Her bruker Olav orda «connection» og «gjenkjenning». Han anerkjenner det klientane seier gjennom relaterande kommentarar for at klientane skal forstå at han kan «kjenne seg igjen» i det dei seier. Det at klientane møter anerkjenning kan vere med på å skape eit trygt rom for dei.

Johanne fortel:

[...] Eg trur nok at viss folk ikkje føler det er eit trygt rom, at... «Det var ok å sitte her, eg seier ikkje det var fantastisk å sitte her, men det var greitt», «Det var ikkje så farlig, det gav meinings, eg følte ho forstod meg». Viss ikkje dei har den opplevinga, så vil eg vel anta at dei ikkje tenkjer at dette var noko for dei. (Johanne)

Johanne gir her døme på kva klientane kan uttrykke dersom ho opplever at dei synest det er greitt å vere i samtale med ein familieterapeut. Ho antek også at dersom dei ikkje opplever det som «eit trygt rom», så vil dei ikkje halde fram med samtalar. Utifra dette kan det tolkast at det å oppleve det som trygt å vere i samtale, kan vere det som trengst for at klientane skal kome tilbake neste gang. Johanne trur klientane må oppleve at ho forstår det dei kjem med, og gir dermed uttrykk for at ho er klar over at det er hennar uttrykte forståing overfor klientane som gjer det til ein føresetnad for at klientane skal kjenne seg trygge og dermed vere villige til å kome tilbake. Denne bevisstheita kan seiast gir eit grunnlag for å ville skape eit trygt rom, og kan difor tolkast som eit uttrykk for profesjonalitet.

«Å skape eit trygt rom» kan ha mange tydingar. I denne underkategorien har det kome fram at det kjem til syne gjennom det fysiske miljøet, men også i at terapeuten viser interesse og anerkjenning overfor klientane. Intervjupersonane ønskjer at klientane skal kjenne seg trygge i møte med dei, og intensjonen om å skape eit trygt rom blir då eit uttrykk for profesjonalitet.

4.4 Oppsummering av funna

I dette kapittelet har det blitt presentert korleis familieterapeutens profesjonalitet kjem til uttrykk i møte med klientane. Funna er presentert gjennom tre hovudkategoriar.

Den første hovudkategorien handlar om at familieterapeutens profesjonalitet kjem til uttrykk gjennom fokus på språk, der underkategoriane viser kva som er meint med språk. Det er meta-kommunikasjon, avklaring og tilpassing av språket. Gjennom språket får terapeuten og klientane eit felles forståingsgrunnlag.

Den andre hovudkategorien viser at profesjonalitet kjem til uttrykk gjennom fokus på refleksjon og avkopling. Med det er meint at familieterapeuten sitt fokus på sjølvrefleksjon og avkopling er viktig for å tolke det klientane fortel og at det er viktig å vere bevisst på kva ein som familieterapeut synest er greitt å dele frå sitt eige liv. Gjennom fokuset på refleksjon og avkopling vil familieterapeuten vere betre rusta til å vite korleis vedkomande best mogleg kan reagere på det klientane fortel og få eit bevisst forhold til kor personleg ein vil vere i møte med dei.

Den tredje hovudkategorien viser at profesjonalitet kjem til uttrykk gjennom fokus på relasjonsbygging. Her er det presentert to underkategoriar som viser at profesjonalitet kjem til uttrykk gjennom kva haldning familieterapeuten møter klientane med og fokuset ein har på å skape eit trygt rom for dei. Gjennom fokus på relasjonsbygging vil terapeuten kunne ivareta klientane gjennom å skape trygge møter.

I det neste kapittelet vil funna bli drøfta i lys av teori og forsking.

5 Drøfting

Som det kjem fram av førre kapittel, kjem familieterapeutens profesjonalitet til uttrykk gjennom fokus på tilpassing av språk, refleksjon og avkopling og relasjonsbygging. I dette kapittelet vil eg drøfte funna i lys av relevant teori og forsking.

5.1 Profesjonalitet i familieterapeutrolla sett frå ulike perspektiv

Som nemnt i teorikapittelet, vil eg bruke Røkenes og Hanssen (2012) sin fire-perspektivmodell for kommunikasjon til å strukturere første del av drøftinga. Den tek utgangspunkt i ein kontekst, der det er fire perspektiv som gjer seg gjeldande; eigenperspektivet, andreperspektivet, det intersubjektive opplevingsfellesskapet og samhandlingsperspektivet. Konteksten i dette tilfellet er, som tidlegare nemnt, samtale mellom ein familieterapeut og ein eller to vaksne klientar. Eigenperspektivet er det familieterapeuten som innehar, då masteroppgåva tek utgangspunkt i familieterapeutens opplevelingar. Andreperspektivet er klientane sitt perspektiv. Det intersubjektive opplevingsfellesskapet er den opplevinga familieterapeuten og klientane får saman, som ikkje nødvendigvis blir sett ord på av dei. Det blir likevel eit opplevingsrom som dei opplever saman. Samhandlingsperspektivet er meta-perspektivet som familieterapeuten og klientane dannar saman gjennom samtale. For å klarare skilje dei to sistnemnde, kan det seiast at opplevinga av å vere i det same opplevingsrommet (det intersubjektive opplevingsfellesskapet) blir implisitt, medan gjennom samhandlingsperspektivet, blir det eksplisitt sett ord på korleis partane opplever det.

5.1.1 Eigenperspektivet: den reflekterande familieterapeuten

Eigenperspektivet innbefattar i all hovudsak eins eige perspektiv, som Røkenes og Hanssen (2012, s. 39) omtalar som *mi verd*. Dette handlar om at ein i møte med andre tek utgangspunkt i si eiga forståing og eigne erfaringar for å forstå andre. Som det blir vist i funnkapittelet, er alle intervjugersonane opptekne av at sjølvrefleksjon og avkopling er grunnleggande for å tolke det klientane kjem med. «Å tolke» vil i dette tilfellet seie at ein klarer å ta imot det klientane fortel og klarer å bere det. Ein viktig faktor her er å ha eit bevisst og reflektert forhold til sitt eige liv og si eiga fortid, samt det å vere bevisst på når ein sjølv treng pausar for å klare å yte som forventa som familieterapeut. Det kan difor vere relevant å drøfte viktigheten av refleksjon som ein del av eigenperspektivet. I tråd med dette fremjar Jensen (1993) evna til å kunne reflektere på ein kritisk måte som eitt av dei fremste kjenneteikna ved profesjonalitet, då det vil kunne vere med på å bevisstgjere *kvifor* ein gjer det ein gjer.

Å vere bevisst eins eige perspektiv, kan gjere at ein er klar over kva som vil gjere ein kjenslemessig aktivert i både negativ og positiv forstand. Her kan eins eige perspektiv forståast som eins eigen forståingshorisont og forståing. Funna viste at alle intervjugersonane var klare på at ein som familieterapeut ikkje skal opne opp om sitt eige privatliv i den grad at det vil ta over samtalen. Skal ein likevel klare å halde det inste frå privatlivet unna klientane, vil det hjelpe å ha tenkt gjennom ein slik situasjon på førehand og dermed vere klar over kva teknikkar ein kan ha for å la vere å la sitt eige perspektiv, deriblant kjensler, ta over situasjonen. Dette vil vere med på å fremje det Killén (2017, s. 31) kallar for «fagligetisk forsvarlig samarbeid med klienten i deres problemløsning og utvikling». Det kan tolkast som at ein opptrer på ein måte som er

forsvarleg overfor klienten, som allereie er i ein sårbar posisjon frå før. Refleksjon kan såleis bidra til å vite korleis ein kan halde fokuset i samtalane hos klientane.

Ein vil alltid ta med seg sitt eige liv i møte med andre sitt (Gadamer, 2012). Denne forforståinga kan også kallast for *taus kunnskap* (Bae, 1992, s. 36). Det som er meint med dette uttrykket, er den kunnskapen og kompetansen ein har, men som ein ikkje til vanleg tenkjer over og som ein ikkje eksplisitt har sett ord på. Gjennom refleksjon kan ein få eit meir bevisst forhold til kva ein ber med seg frå eige liv. I forlenginga av dette omgrepet, ser eg på det som relevant å trekke inn van Manen (1993) sin teori om pedagogisk takt. Hovudtanken i denne teorien er at ein pedagog sine handlingar er intuitive, men likevel har ein intensjon. Bevisstheit rundt denne intensjonen er bygd opp av nettopp refleksjon rundt tidlegare situasjoner og handlingar. Gjennom dette blir dermed *taus kunnskap* ført opp til overflata. Refleksjonen gjer at terapeuten får eit bevisst forhold til kunnskapen, og den kan igjen kome til uttrykk gjennom intuitive handlingar som fell naturleg for terapeuten å gjere i framtidige situasjoner.

Ein studie utført i ein psykoterapeutisk kontekst viser at måten terapeuten emosjonelt reagerer på kva klienten seier, har ein effekt på terapien (Dahl, Ulberg, Friis, Perry & Høglend, 2016). Det er såleis tenkjeleg at refleksjonen gir grunnlag for kva intuitive handlingar og reaksjonar ein kan ha i møte med klientane, som igjen vil påverke korleis familieterapeuten møter klientane. Dette er også i tråd med den hermeneutiske sirkelen, der ein ut frå den kunnskapen ein har frå før og den refleksjonen ein gjer seg, får ny innsikt som vil spele inn på korleis ein vil reagere og handle ved neste situasjon.

Som nemnt ovanfor, viser eitt av funna at refleksjon også kan vere eit verktøy familieterapeuten kan bruke for å vere bevisst på kva vedkomande vil dele frå eige liv overfor klientar. Løvlie (1982) presenterer ein teori som handlar om dialektikken mellom terapeut og klient, og viser til ulike dikotomiar som gjer seg gjeldande i denne dialektiske relasjonen. Ein av desse motsetnadane er spenningstilhøvet mellom openheit og avlukking. Dikotomien representerer to ytterpunkt der eine ytterpunktet er openheit. Sett på spissen er det kjenneteikna av grenseløyse, egosentrisme og ein terapeut som krev mykje. Det motsette ytterpunktet er ein avlukka terapeut som kjenneteiknast av tilbaketreking, mangel på stadfesting og negativitet (Løvlie, 1982). Ifølgje Løvlie (1982), må terapeuten vere open for faktorar i seg sjølv som kan hindre han eller ho frå å utvise ei viss openheit overfor klientane. Dette kan til dømes vere eigne erfaringar og kjensler.

Klarer terapeuten å reflektere over sitt eige liv, er vedkomande betre rusta til å finne ein balansegang mellom desse ytterpunktta. Det kjem fram av funna at intervjupersonane gjerne kan dele noko frå sitt liv, men ikkje gå inn på sine eigne kjensler og det som er sårbart. Terapeuten er med andre ord ikkje heilt lukka slik at han eller ho ikkje deler av seg sjølv, men klarer å vise ei openheit overfor klienten. Dette kan til dømes vere å dele noko frå sitt eige liv eller berre vise at ein anerkjenner og tek imot det klienten fortel. Om ein som står i hjelpeposisjon vel å dele noko frå eige liv, bør det ha ei hjelpende rolle for klienten (Skau, 2013). Intensjonen med og insentivet for å dele blir såleis viktig i møte med klientane. Refleksjonen og bevisstheit rundt dette, kan vere avgjerande for korleis terapeuten stiller seg til nettopp dette. For å bruke Goffman (1992) sine omgrep, vil refleksjon vere med til å hjelpe familieterapeuten til å skilje mellom kva som skal vere «fasade»; kva vedkomande ønskjer å dele, og kva som skal vere «baksideområdet»; kva vedkomande vil la vere å dele med klientane. Om familieterapeuten finn ein balanse mellom desse «områda» og på same tid finn balansen mellom det å vere open og

avlukka overfor klientane, kan ein seie at vilkåret om *kongruens*, slik Rogers (1957) skildrar det, vil vere oppfylt.

5.1.2 Andreperspektivet: den imøtekommende familieterapeuten

Andreperspektivet vil i dette tilfellet vere kvar enkelt klient sitt perspektiv, som Røkenes og Hanssen (2012, s. 39) omtalar som *di verd*. Det er mange grunnar til at personar vel å oppsøke familieterapeutar for å få hjelp. Konfliktar, brot, familievanskar er nokre av dei overordna grunnane (Barne, ungdoms- og familieliderekoratet, 2015). For mange kan det vere sårt å snakke om. Dette gjer klientane sårbare i utgangspunktet. Når ein fortel kva ein har av tankar, vil det alltid vere ein risiko for at den som hører på ikkje tek imot slik den som fortel ønskjer at det skal bli motteke (Bae, 1992). Det er dei førehandsbestemte rollene i den asymmetriske relasjonen som konstituerer maktforholdet (Sævi, 2007), og familieterapeuten står i ein posisjon som gir han eller ho meir makt enn klientane (Bae, 1992). Er familieterapeuten likevel klar over korleis han eller ho kan møte klientane på ein måte som gjer at dei ikkje føler seg avvist, og er bevisst på det, kan det vere med på å senke terskelen for at klientane opnar opp om det som er vanskeleg å dele. Dette kan sjåast i samanheng med funnet som seier at profesjonalitet blir uttrykt gjennom kva haldning familieterapeuten møter klientane med. Det fordrar at familieterapeuten evnar å sjå situasjonen frå klientane sitt perspektiv og dermed ha ei forståing av at det kan opplevast som utfordrande.

At alle veit noko som ein sjølv ikkje veit, er noko ein må hugse på i møte med andre, særleg i ei profesjonell rolle (Frank, 1992). Med ei innstilling der akkurat denne tanken er sentral, kan det gjere at ein er meir open for å kunne ta den andre sitt perspektiv. Måten ein vel å møte personar i sårbare situasjoner kan ha mykje å seie for vedkomande som treng å bli sett og hørt. Det krev at familieterapeuten evnar å ta perspektivet til klientane. Dette kan sjåast i samanheng med omgrepene som blir kalla for *mentalising* (Killén, 2017, s. 31). Mentalisering er å evne å lese og kunne ta imot eigne og andre sine kjensler (Skårderud & Sommerfeldt, 2008). Det ovannemnde funnet, som seier at haldninga terapeuten møter klientane med kan vere eit uttrykk for profesjonalitet, innbefattar mellom anna å møte klientane med respekt og eit menneskesyn som eitkvart menneske fortener, uavhengig av kven dei er eller fortidige handlingar. Det er noko som krev at ein legg til side sitt eige perspektiv og aktivt vel å setje seg inn i den andre sitt. Ifølgje dei tre vilkåra som Rogers (1957) fremjar, vil vilkåra om *empati* og *aksept* her gjere seg gjeldande. Ved at terapeuten klarer å vise medkjensle og heller ikkje dømmer klienten, kan det vere med på å gjere det enklare for klienten å dele det som kanskje er utfordrande å dele (Rogers, 1957).

Funnet som viser korleis intervjupersonane vel å tilpasse språket etter klientane, er også ein måte å setje seg inn i andre sitt perspektiv på. Av dette funnet kjem det fram at terapeuten tilpassar ordforrådet etter klientane sitt. Gjennom å gjere det, uttrykker ein at ein kan møte klientane på deira premiss og forsøke å skape relasjonar med dei sjølv om dei er ulike. Måten terapeuten tilpassar språket på, vil vere med på å hindre ein avstand mellom terapeut og klient. Her er «avstand» meint meir som ei subjektiv oppleveling enn noko fysisk. Gjennom at terapeuten forstår at han eller ho må ordlegge seg annleis for at klienten skal forstå betre, er dette eit uttrykk for at terapeuten forstår at klienten har andre føresetnadar for å skulle forstå. Dette blir støtta opp om av Skauli (2009), som påpeikar at språk kan fort bli teknisk, og at ein terapeut må evne å sjå det frå andre sitt perspektiv slik at språket blir tilpassa den ein snakkar med.

Eit anna funn som også kan sjåast i lys av *andreperspektivet*, er funnet som seier at familieterapeuten sin profesjonalitet kjem til uttrykk gjennom å skape eit trygt rom for klientane. Det omfattar at ein som familieterapeut må tilpasse seg litt etter korleis dei oppfattar klientane. I tillegg handlar det om at dei klarer å ta klientane sitt perspektiv når dei veit at det kanskje kan vere ein litt uvanleg kontekst for klientane å vere i. Å vere bevisst på dette, gjer at dei kan tilpasse framgangen etter klientane sitt tempo for at dei skal oppfatte det som «eit trygt rom». Å forsøke å møte den andre på vedkomande sine premiss, er ifølgje Kierkegaard (1994) ein måte å hjelpe den andre på. At klient blir møtt på sine eigne premiss, gjer at terapeut og klient får eit likt utgangspunkt, i den grad det er mogleg, noko som kan kome til uttrykk gjennom mellom anna tilpassing av språket og å skape eit trygt rom for klientane. Dette krev i det heile teke evna til å ta den andre sitt perspektiv.

5.1.3 Det intersubjektive opplevingsfellesskapet: den avklarande familieterapeuten

Det tredje perspektivet, som blir kalla for *det intersubjektive opplevingsfellesskapet*, blir også referert til som *vår verd* av Røkenes og Hanssen (2012, s. 39). Ein tek imot det den andre seier, og beheld samstundes sitt eige perspektivet i møte med den andre sitt perspektiv (Røkenes & Hanssen, 2012). Gjennom samtale kan ein forstå meir av kva ein sjølv og den andre meiner om noko. Det blir ei horisontsamansmelting (Gadamer, 2012). Her blir funnet om at profesjonalitet kan bli uttrykt gjennom avklaring relevant. Dette betyr både avklaring av grunnen og motivasjonen til at klientane søker hjelp hos ein familieterapeut, samt ord og uttrykk som kjem opp i løpet av samtalane. I dette funnet kjem det også fram at det i ein slik situasjon vil vere føremålstenleg at familieterapeuten fortel tilbake kva vedkomande oppfattar frå det klientane fortel og dermed sjekkar ut om det er forstått riktig. Ifølgje Woolfolk (2004) blir dette kalla for *parafrasering*, som kan vere ein måte for familieterapeuten (mottakaren) å sende tilbake til klientane (avsendaren) for å høre om han eller ho har forstått det rett. Gjennom parafrasering får klientane også ei moglegheit til å korrigere forståinga til mottakaren. I tråd med dette viser Kristoffersen og Halås (2016) til at forståing, stadfesting og perspektivtaking er viktige føresetnadar for eit godt samspel mellom personar.

Å ha fokus på avklaring av motivasjon, ord og uttrykk gjennom heile terapiforløpet, gir familieterapeuten og klientane betre føresetnadar for å vere på same bølgjelengde og vite at ein snakkar om dei same tinga. Dette er også ein måte å møte den andre der den er (Kierkegaard, 1994) og ha det som utgangspunkt for å kunne hjelpe vedkomande som treng det. Avklaring i starten av eit terapiforløp kan også forståast som det Kvalsund og Allgood (2009, s. 111) refererer til som «*gjensidig kommunikasjon*». Dei meiner det er naudsynt for at partane skal vere innforståtte med kvarandre sine behov og kva kvalitetar og intensjonar hjelpeforholdet skal ha.

Her blir Skjervheim (1996) sin teori om å sjå menneske som subjekt eller objekt særleg aktuell. I den treledda relasjonen er partane subjekt, medan samtaletemaet er objektet; sak. Begge partane er engasjerte i det same temaet. Personane kjem med kvart sitt eigenperspektiv og dannar ei felles forståing. Når familieterapeuten viser at han eller ho er oppriktig interessert i å få avklart kva klientane legg i tydinga av eit ord eller kva som er grunnen til at klientane vel å söke hjelp, kan dette bli forstått som ei subjektivering av klientane. Terapeuten vil vite meir om kva som ligg bak dei personane vedkomande har framfor seg og spør dermed etter kva tankar og kjensler som utspelar seg hos klientane. Det klientane då svarer, blir utgangspunktet for korleis dei saman skal jobbe vidare.

Intersubjektivitetsfenomenet (Skjervheim, 2000) blir aktuelt, og gjennom dette skjer ei horisontsamansmelting (Gadamer, 2012). Slik Schibbye (2009) forstår intersubjektivitet, handlar det om to subjekt som deler ei *affektiv oppleving*. Dette kan forståast som at det å ta omsyn til den andre og vedkomande sine kjensler og erfaringar er ein føresetnad for at det skal skje ei horisontsamansmelting og at det dermed vil dannast eit opplevingsfellesskap.

Om familieterapeuten hadde sett på klientane som objekt, kunne det blitt ei teknisk tilnærming, der ei løysing hadde vore at terapeuten sette igang med å bruke metodar utan at det hadde blitt teke omsyn til klientane sine kjensler. Det ville verken ha vore å ta den andre sitt perspektiv eller å la den andre ta del i opplevingsfellesskapet (Røkenes & Hanssen, 2012).

Ei slik objektivering kan finnast på mange områder i samfunnet. Det kan til dømes vere tannlegen som gjer oppgåvene sine stille utan å forklare pasienten kva som blir gjort eller skal gjerast, legen som kjem inn, ser på prøvene utan å sjå på pasienten og går vidare, eller læraren som underviser i noko som elevane ikkje har føresetnad for å forstå. Felles for desse situasjonane er at verken tannlegen, legen eller læraren tek omsyn til pasienten eller eleven, «den svake parten» i relasjonen. Ingen av dei har gjort ein innsats for at den andre parten skal forstå sitt eige perspektiv og gjer heller ingen innsats i å sjå det frå den andre sitt perspektiv. Konsekvensane kan vere ein tannlegepasient som føler seg utrygg i tannlegestolen og blir skremd av lydane, legepasienten som føler seg oversett og elevane som ikkje forstår.

5.1.4 Samhandlingsperspektivet: den meta-kommuniserande familieterapeuten
Det fjerde perspektivet, *samhandlingsperspektivet*, blir også referert til som *meta-perspektivet* (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 39). Det kjem fram av denne studien at meta-kommunikasjon er eit verktøy som kan brukast for å skape ei felles forståing av korleis opplevinga av samtalen er for begge partar. Hensikta med meta-kommunikasjon, er på same måte som det er med avklaring, at familieterapeuten og klientane skal vere på same bølgjelengd; ha ei felles forståing. At familieterapeuten aktivt adresserer korleis han eller ho opplever det som skjer i samtalen, kan vere med på å gi ei forståing for begge partar. Det er ikkje samtaletemaet som blir sentrum, men heller sjølv samtalet. Det blir altså ein kommunikasjon om kommunikasjonen (Røkenes & Hanssen, 2012). Den treledda relasjonen (Skjervheim, 1996) kan også her gjere seg gjeldande. Gjennom at familieterapeuten og klientane er i samtale *om samtalet* blir det saka, medan omsynet som blir vist ved at meta-kommunikasjon i det heile teke skjer som ein del av samspelet mellom dei to partane, blir i seg sjølv subjektivering.

Kvalsund og Allgood (2009, s. 134) viser til at tilliten i eit hjelpeforhold er avhengig av at partane har ein «open kommunikasjon» på dei enkelte partane sine eventuelle usikkerheiter overfor den andre. «Open kommunikasjon» kan her forståast som meta-kommunikasjon, som er naudsynt for at partane skal kunne stole på kvarandre (Kvalsund & Allgood, 2009). T. Eide og Eide (2004, s. 260) forstår meta-kommunikasjon som ei form for direkte kommunikasjon, og viser til at ved hjelp av direkte kommunikasjon er ein med på å vise meir av seg sjølv som person. Å vise meir av seg sjølv som person vil også vere med på å skape ein tillit mellom partane. Basert på dette, er det tenkjeleg at meta-kommunikasjonen mellom terapeut og klient ikkje berre gir ei felles forståing, men når partane får innblikk i kvarandre sine tankar om korleis samtalen opplevast, er dette med på å skape ein tillit, som igjen kan føre til ein tryggleik i

relasjonen. Dette er i tråd med dikotomien om openheit og avlukking som blei diskutert tidlegare i drøftinga (Løvlie, 1982).

Det kan seiast at meta-kommunikasjon fører med seg noko anerkjennande i korleis terapeuten kan kommentere korleis vedkomande oppfattar til dømes kroppsspråket til klientane og spør basert på det. Schibbye (2009) si forståing av anerkjenning, som er inspirert av Hegel, er at det er ei sjølvfølgje at det blir sett fokus på den andre sitt indre fordi det er eit medmenneske. Det føreset altså ei subjektiverande tilnærming til den andre. Teigen (2004) viser til at ein i ein samtale med klientane kan stoppe opp og høre med dei om det temaet som det snakkast om på det gjeldande tidspunktet er viktig for dei eller ikkje, og om dei såleis skal snakke meir om det. Å sjekke ut om dei vil snakke meir om eit tema, kan vere ein måte å vise at familieterapeuten er interessert i å møte klientane på deira premiss (Kierkegaard, 1994). Den andre sitt indre blir dermed sett i sentrum, og dette er såleis ein måte å uttrykke anerkjenning overfor klientane på. Ei doktorgradsavhandling med mål om å forstå relasjonen mellom hjelpar og hjelpesökande, viser at hjelpesökande som føler seg sett og møtt føler seg anerkjent for den dei er, som igjen har ein positiv effekt på relasjonen mellom vedkomande og hjelpare (Halvorsen, 2011). Det viser at ei subjektiverande tilnærming kan uteie i anerkjenning.

5.1.5 Konteksten: relasjonen mellom familieterapeuten og klientane

Kommunikasjon kan gå føre seg i mange ulike kontekstar. I denne situasjonen er det konteksten på eit kontor med ein familieterapeut og ein eller fleire klientar som er aktuell. Som tidlegare nemnt, er det denne konteksten som definerer rollene, som igjen er med på å konstituere maktforholdet (Sævi, 2007). Det kan seiast at det er i denne konteksten ein finn grunnlaget til kva som er forventa av ein som har ei profesjonell rolle, og som også vil vere førande for kva som er forventa og kva som bør og ikkje bør delast av familieterapeuten sjølv, som er av både etiske og formelle omsyn (Måseide, 2008).

Når ein har definerte roller i ein kontekst, kan det seiast at Goffman (1992) sin rollespelmetafor gjer seg gjeldande. Den tek føre seg omgropa *kulis*, *fasade* og *baksideområde* som verktøy for å adressere korleis ein opptrer og kva ein vel å dele i møte med kvarandre. Kulissa er i dette tilfellet rommet og møblementet som kontoret til familieterapeuten utgjer, som også blir rammene for konteksten. Fasaden er det familieterapeuten vel å dele med klientane, og baksideområdet er det som ikkje blir delt.

Som tidlegare nemnt, er det ifølgje Skjervheim (1996) ulike måtar ein kan gå inn i ein relasjon på. Ein kan ha både to-ledda og ei tre-ledda relasjonstilnærming. Den treledda relasjonen føreset at terapeuten er engasjert i samtaleemnet. Ved å bli det, ser vedkomande på klienten som eit subjekt, og terapeuten blir sjølv eit subjekt i relasjon til klienten (Skjervheim, 1996). Eit relevant funn her er funnet som seier at profesjonalitet kan uttrykkast gjennom fokus på relasjonsbygging, og dette kan mellom anna skje ved å skape eit trygt rom for klientane. Når familieterapeuten ønskjer at klientane skal oppleve det som trygt å vere i samtale, viser det omsyn til klienten som menneske, med sine vanskar, tankar og kjensler. Konteksten blir *trygg*.

Eit viktig trekk ved subjektivering er at klientane ikkje er definert av vanskane dei presenterer, men at det er ei oppleving av vanskane (Kristoffersen & Halås, 2016). Terapeuten si oppgåve blir då å møte denne opplevinga saman med klientane. I dette

møtet blir det ifølgje Kristoffersen og Halås (2016) skapt eit oppdagingsrom, som også kan samanliknast med samhandlingsrommet som kjem fram av Røkenes og Hanssen (2012) sitt intersubjektive opplevingsfellesskap. Denne forståinga av subjektivering kan også forståast som å ta klientane på alvor. Å ta klientane på alvor handlar om å møte klientane der dei er på den måten Kierkegaard (1994) framhevar som ein måte å hjelpe dei som treng det, som det tidlegare i drøftinga også har blitt vist til. Ifølgje Kristoffersen og Halås (2016) er opplevinga av å bli møtt som eit subjekt viktig for at vedkomande skal utvikle seg. Dette understrekar viktigheten av at terapeuten klarer å møte klientane som subjekt; menneske med unike kjensler og tankar. Konteksten blir dermed meir enn rommet som er ei kulisse. Den blir ikkje berre fysisk, men eit opplevingsrom, der felles forståing blir fokuset.

Ved den toledda relasjonen er det snakk om den objektiverande tilnærminga (Skjervheim, 1996). Ifølgje Skjervheim (1972) er objektivering av den andre parten i den asymmetriske relasjonen det som kallast for «det instrumentalistiske mistaket». Ordet mistak kan tolkast som ein glipp, ei tabbe, ein fiasko. Det blir *feil*. Dersom ein som klient møter personar i formelle, profesjonelle roller som ser på dei som tekniske instrument, vil ein ikkje bli møtt med dette omsynet. Til dømes kan kroppsspråket til klienten ta fokuset til terapeuten, og terapeuten blir meir fokusert på å tolke det enn å høre på det klienten fortel (S. B. Eide, 2008). Om terapeuten sitt fokus på kroppsspråket gjer at klienten føler seg oversett, kan dette forståast som ei form for objektivering.

Objektivering kan også kome til uttrykk gjennom at ein klient ber med seg ei diagnose og at dette blir grunnlaget for korleis terapeuten vel å oppfatte klienten utan at terapeuten har teke seg tid til å bli kjend med klienten (Fjelldal & Follesø, 2016). Konsekvensen kan vere at klientane sine kjensler blir neglisjerte, og dei kan kjenne seg lite respektert. Konteksten blir *utrygg*. Den objektiverande parten blir dominante, som kan oppfattast som eit uttrykk for makt (Skjervheim, 1996). Skjervheim (1972) sitt poeng om at ein då gjer eit instrumentelt mistak, blir gjeldande. Eit spørsmål ein kan stille seg er om det er intensjonen til terapeuten eller effekten; opplevinga til klienten, som gjer at det opplevast som ei objektivering eller ikkje, men det kjem ikkje til å bli vidare adressert i denne masteroppgåva.

5.2 Engasjement og nøytralitet – motsetnadar eller samspel?

Hittil i drøftinga har det kome fram at det er nærliggande å sjå funna som ei subjektiverande tilnærming til klientane. I andre del av drøftinga vil eg adressere spørsmålet rundt det å, som fagperson, vere profesjonell og samstundes vere til stades for klientane.

Gjennom alle funna i denne oppgåva, særleg i funnet som går på haldninga terapeuten møter klientane med, viser seg eit fellestrek som er ein overordna føresetnad for profesjonalitet. Intervjupersonane snakkar om at menneskesynet skal vere ivaretake. Å vise at dei bryr seg om klientane er av høg prioritet for samtlege av intervjupersonane. Det blir vist gjennom at dei er interesserte i å språkleg uttrykke seg på same måte som klientane, dei vil tolke det klientane fortel og dei fokuserer på å bygge relasjonar med klientane. Metoden blir sekundær. Dette fremjar synet på at dei ein møter i ein pedagogisk situasjon, som den terapeutiske samtalen kan bli forstått som, treng å bli møtt som subjekt, ikkje objekt. Det er kjenslene, erfaringane, forforståingane til menneska som utgjer det subjektivistiske i kvart einskild menneske. I tråd med

Skjervheim (1996) sin teori, blir terapeuten engasjert i det klientane fortel når menneska bak klientrolla blir fokuset. Dette leier til spørsmålet: *Korleis kan familieterapeuten vere engasjert på ein profesjonell måte?*

For å adressere dette, vil det i første omgang vere føremålstenleg å sjå tilbake på korleis profesionalitet er definert. I teorikapittelet er profesionalitet forklart i to delar; *rollebestemt profesjonell yrkesutøving og personleg profesjonell*. Det tyder i all hovudsak at ein i eit yrke handlar etter det yrkesrolla krev framfør å følgje eigne meningar og kjensler ein har som privatperson. Samstundes handlar det om at ein klarer å ta med seg dei ferdighetene og erfaringane ein har frå før inn i rolla som yrkesutøvande og ikkje møter andre på ein upersonleg måte (Røkenes & Hanssen, 2012). Dette er to sider av eit omgrep som utfyller kvarandre, men som likevel har ein paradoksal klang over seg. Den første delen seier at ein klarer å legge til side meningar og kjensler ein har som privatperson, medan den andre delen seier at dei ferdighetene og erfaringane ein har frå sitt eige liv blir ein del av profesionalitetsutøvinga, og såleis ein føresetnad, for at ein skal klare å møte andre på ein personleg måte. På den eine sida skal ein vere nøytral, medan ein på den andre sida skal bruke sine personlege eigenskapar og erfaringar i møte med klientane. Vil ikkje den eine sida overskygge den andre på eit tidspunkt, eller korleis finn ein balansen? Kvar plasserer ein profesionalitet i dette spenningsfeltet?

Ved objektivering slik Skjervheim (1996) skildrar det, er ein nøytral i møte med den andre. I psykoterapeutisk kontekst var Freud ein talsperson for at terapeuten skulle stille seg nøytral og upersonleg i møte med klienten (Braaten, 1967). Som nemnt tidlegare, var Carl Rogers ein av dei som var med på å endre dette synet, og la meir vekt på relasjonen mellom terapeut og klient (Gross, 2014). Tidlegare i drøftinga har eg, ved hjelp av Skjervheim (1972, 1996), forsøkt å vise korleis objektivering kan hindre at klientane føler seg ivaretakne, og at det såleis kan bli ein utilstrekkeleg måte å forhalde seg til klientane på. Ifølgje Gadamer (2003), som var ein sentral talsperson for hermeneutikken, vil ikkje det vere mogleg å legge til side sine eigne meningar og kjensler i møte med andre menneske. Likevel er det ei vanleg oppfatning at terapeutar skal opptre på ein nøytral måte, og det er såleis tenkjeleg at ved refleksjon rundt kva som skjer hos terapeuten i samtale med klientar, kan terapeuten klare å skilje kva som er eins eige meningar og ikkje. Jensen (1993) viser til at ein føresetnad for refleksjon er avstand. Difor vil eg her heller velje å forstå nøytralitet som å ha ein «profesjonell avstand». Då vil det bli meir aktuelt å fastslå at ein kan vere nøytral, men engasjert.

Ein profesjonell avstand gjer at eins eiga forforståing, som ein ikkje kan kome utanom, ikkje tek overhand - ved hjelp av refleksjon. På den måten er det framleis klientane som er i sentrum, og terapeuten klarer å halde fokuset på dei. Ein held avstand, men klarer likevel å sjå menneska bak klientrolla med alt av deira kjensler og tankar. Den profesjonelle avstanden kan såleis gi ein nærliek (Falk, 1999).

Engasjement og nøytralitet blir såleis eit samspel og ein balansegang. Denne balansegangen kan forklarast med ein metafor der ein balanserer ei kjegle opp ned i ei handflate. For å klare å balansere kjegla, vil det krevje konsentrasjon og motorisk kontroll. Kjegla vil også vere avhengig av at det er rørsle i augeblikket, anten ved at ein beveger heile kroppen rundt om i rommet eller at ein beveger arma si. Poenget med rørsla er at ein skal hindre kjegla frå å miste balansen, og ein må difor tilpasse seg etter korleis kjegla beveger seg der den står i handflata.

På same måte som at å balansere ei kjegle i ei handflate vil krevje konsentrasjon, motorisk kontroll og rørsle, vil det å balansere samspelet mellom engasjement og

nøytralitet krevje noko. Eg vil her argumentere for at denne balansegangen vil krevje openheit og refleksjon. Som det kom fram tidlegare i drøftinga rundt eigenperspektivet, er terapeuten si openheit ein føresetnad for at vedkomande skal oppfattast som engasjert (Løvlie, 1982). Det er med grunnlag i dette at ein kan seie at engasjementet krev openheit. Dette igjen fører til spørsmålet om kor mykje ein skal dele av seg sjølv i møte med klientane. Ifølgje Anvik (2016) er det fleire studiar, som tek føre seg sårbare ungdomar, som viser at det ikkje er rolla til fagpersonen som har spelt ei stor rolle for dei, men at det er enkeltmennesket bak rolla (sjå t.d. Follesø, 2010). At ein fagperson skal kunne vise meir av seg sjølv som person, krev ei viss openheit frå vedkomande si side og at vedkomande tør å vise litt av seg sjølv overfor klientane. Eit av funna i denne masteroppgåva var at profesjonalitet kan bli uttrykt gjennom at terapeuten har eit bevisst forhold til kva som er greitt å dele frå eige liv, og at det vil gi eit skilje mellom kva som er personleg og kva som er privat for vedkomande. Det var ulike synspunkt på kor mykje ein kan dele med klientar, men fellestrekket var at ein ikkje sjølv skulle dele for mykje og at ein ikkje skulle ta fokuset vekk frå klientane. «For mykje» blir her altså at fokuset i samtalen blir flytta over på ein sjølv, og ikkje blir haldt hos klientane.

Dette fører oss over på funnet som seier at terapeuten viser profesjonalitet på ein indirekte måte ved å vie tid til sjølvrefleksjon og avkopling. Det er, som tidlegare nemnt, ikkje å kome utanom at ein i møte med andre har med seg si eiga forståing og eigne meningar. Det ein får av innspel frå andre, vil heile tida setjast i samanheng med det ein veit frå før (Gadamer, 2003). Dersom ein ser likskapar mellom situasjonar ein møter på i arbeidslivet og sitt eige privatliv, kan dette vere til hinder for korleis ein møter klientane sine (Killén, 2017). Å vere bevisst sine eigne tankar vil likevel vere med på å sortere korleis ein kan skilje sin eigen situasjon frå det klientane fortel. Her kjem sjølvrefleksjonen og tida ein set av til avkopling inn, som kan ha ei regulerande og førande rolle for å vere klar over kva ein sjølv vil dele med klientane. Ein studie gjort på fokus på spiritualitet i ein familieterapikontekst, viste at terapeuten sin eigen sjølvrefleksjon rundt temaet ville vere ein fordel for å vite korleis han eller ho kunne møte klientane når det var snakk om dette temaet (Holmberg, Jensen & Ulland, 2017). Det er tenkjeleg at det på same måte vil vere føremålstenleg for terapeuten å reflektere over sitt eige liv og erfaringar slik at eins eigne reaksjonar ikkje skal få eit negativt utfall for klientane.

I samspelet mellom engasjement og nøytralitet vil refleksjonen og avkoplinga vere som ei retningslinje ein føreheld seg til slik at ein er bevisst på korleis ein opptrer overfor klientane. Refleksjonen vil vere med på å regulere i kva grad ein kan og vil praktisere openheit overfor klientane, og den vil vere med på å regulere korleis ein stiller seg til det klientane fortel. Det igjen vil gjere at ein kan vere nært til stades i møte med klientane i form av å vise ei form for openheit, men likevel klare å vere nøytral i form av å ha ein profesjonell avstand, som gjer at ein kan klare å ta imot det som blir sagt.

I metaforen med kjegla blei det nemnt at rørsle ville vere ein føresetnad for å oppretthalde balansen. For å igjen dra parallelar mellom denne metaforen og samspelet og balansegangen mellom engasjement og nøytralitet, vil den nemnde rørsla vere avhengig av møtet mellom familieterapeuten og klientane. Den tyske filosofen og pedagogen Otto Friedrich Bollnow (1969) skildrar *det eksistensielle møtet* som omgrep og seier at det dei to partane må vere i rørsle for å kunne møte kvarandre. Møtet kan heller ikkje planleggast, men ein kan likevel til ei viss grad førebu seg. Den rørsla som finst i samspelet og balansegangen mellom engasjement og nøytralitet vil då gjere seg gjeldande ved at ein stadig vurderer situasjonen når ein er i samtale med klientane. Det

dynamiske i møtet gjer at samspelet og balansegangen mellom engasjement og nøytralitet nokre gongar vil vere meir krevjande enn andre. Det kan til dømes skuldast samtaletemaet i timen eller humøret hos partane. På same måte som at ein må bevege seg rundt om i rommet for å oppretthalde balansen på kjegla, må ein i møte med klientane tenke ut der og då korleis ein skal respondere og føre samtalen vidare utan at ein heilt har ein plan for det eller veit korleis samtalen vil utarte seg.

Til dømes kan samtaletemaet endre seg brått. Familieterapeuten si evne til pedagogisk takt (van Manen, 1993), blir då sett på prøve. Anten ved at familieterapeuten leier samtalen tilbake til det partane opphavleg snakka om, eller ved at han eller ho ser at det er meir tenleg å snakke om det nye temaet, og såleis klarer å tilpasse seg. Dette er eit døme på ein faktor som viser at det heile tida vil vere ei rørsle i samspelet mellom partane og korleis familieterapeuten stiller seg til det som skjer og blir sagt. Når ein aldri kan planlegge eit møte (Bollnow, 1969), kan det seiast at refleksjonen familieterapeuten gjer seg, vil vere førande for korleis familieterapeuten førebud seg til møtet. I tillegg blir den pedagogiske takta (van Manen, 1993), som er uteia frå refleksjon og tidlegare erfaringar, verktøyet som blir brukt under sjølve møtet.

Ein fellesnemnar for alle funna i denne masteroppgåva, er at familieterapeuten har ein intensjon om å ville *møte* klientane. Intensjonen blir uttrykt på ulikt vis, og det er desse måtane som igjen blir eit uttrykk for profesjonalitet. I dette er det likevel mange omsyn som skal takast, mellom anna eins eige perspektiv, dei andre sine perspektiv, intensjonen ein har og konteksten ein er i. Med ei bevisstheit rundt dette vil ein då utvikle ei form for pedagogisk takt (van Manen, 1993). Ein blir då betre kjend med seg sjølv – både som privatperson, men også som ein profesjonell fagperson. Med åra og erfaringane som kjem vil ein då betre vite korleis ein skal møte seg sjølv i rolla som privatperson og familieterapeut, som vil utvikle evna til å vite korleis ein skal møte klientane.

Profesjonalitet kan såleis samanliknast den hermeneutiske sirkelen. Det tek utgangspunkt i ein sjølv, blir utvikla i møte med andre og vidare uttrykt i nye møte med tidlegare og nye klientar. Slik blir det ein sirkel, der prosessen blir resultatet og resultatet blir prosessen. Målet for uttrykket for profesjonalitet er ikkje ein destinasjon, men heller at ein langs vegen møter klientane på ein måte som bidreg til å hjelpe dei i ei positiv retning for deira liv.

6 Avslutning

Det har i denne masteroppgåva blitt sett på korleis familieterapeuten sin profesjonalitet kjem til uttrykk i møte med klientane. Hovudfunna viste at det kjem til uttrykk gjennom korleis terapeuten fokuserer på språk, refleksjon og avkopling og relasjonsbygging. Dette har vidare blitt drøfta opp mot teori og forsking rundt mellom anna perspektivtaking, refleksjon, sjølvavsløring og subjektivering.

Basert på det intervjugpersonane ytra, er det i utdanninga av familieterapeutar fokus på dei personlege og profesjonelle aspekta hos terapeuten i møte med klientane. Denne studien kan såleis vere med som eit bidrag i å setje lys på dette temaet i utdanninga. Studien kan også bidra til refleksjon rundt omgrepet blant personar i andre hjelpperoller, til dømes i skulen, i barnevernet eller andre sosialfaglege kontekstar.

Ettersom studien har teke føre seg korleis familieterapeutens profesjonalitet kjem til uttrykk i møte med klientane, og har eg såleis vore ute etter *familieterapeutar sine opplevelingar*. Eit utval på tre personar gav eit innblikk i dette, men tre personar er eit avgrensa utval, som kan sjåast på som ei svakheit for studien. Det er likevel tenkjeleg at ein kan finne likskapar hos andre familieterapeutar, ettersom at svara til dei tre ulike intervjugpersonane bar preg av semje. Det er også tenkjeleg at det hadde vore ytterlegare nyansar i svara dersom utvalet hadde vore større.

For vidare forsking hadde det vore interessant å sjå dette opp mot terapeutane sine yrkesfaglege verdiar og overtydingar, samt personlegdom og utdanning for å sjå om det er personlege overtydingar som legg føringar for korleis ein tenkjer i eit yrke der det å hjelpe menneske står i sentrum. For å få klientperspektivet, hadde det også vore interessant å spørre klientar om korleis dei opplever profesjonalitet i møte med familieterapifeltet. Maktaspektet har innimellom blitt nemnt gjennom masteroppgåva, men ikkje blitt vidare adressert. Ei interessant vinkling for seinare forsking hadde difor vore å sett på nettopp maktaspektet i lys av profesjonalitet.

Profesjonalitet er eit vidt omgrep, som kan bli tilskrive ulike definisjonar – alt etter kven ein spør. Eg håper denne masteroppgåva kan bidra til å setje lys på omgrepet og generere refleksjon rundt kva det inneber og korleis det speler inn på den rolla ein har i møte med andre.

Litteratur

- Anvik, C. H. (2016). Ikke slipp dem! Sårbare unge i vanskelige møter. I R. Follesø, C. T. Halås & C. H. Anvik (Red.), *Sett, hørt og forstått? Om profesjonelle møter med unge i sårbare livssituasjoner*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Audet, C. & Everall, R. D. (2003). Counsellor self-disclosure: client-informed implications for practice. *Counselling and Psychotherapy Research*, 3(3), 223-231.
<https://doi.org/https://doi.org/10.1080/14733140312331384392>
- Bae, B. (1992). Relasjon som vågestykke - læring om seg selv og andre. I B. Bae & J. E. Waastad (Red.), *Erkjennelse og anerkjennesle. Perspektiv på relasjoner*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2018). Familievernet hjelper deg å finne løsninger. Henta 26. januar 2020 fra
https://bufdir.no/Familie/Familievernet/Familievernet_hjelper_deg_med_a_finne_losninger/
- Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (2015, 24. september 2018). Familieterapi. Henta 6. juni 2020 fra
https://bufdir.no/Familie/Hjelp_til_parforholdet_og_familien/Familieterapi/
- Bollnow, O. F. (1969). *Eksistensfilosofi og pedagogikk*. Oslo: Fabritius & Sønners forlag.
- Braaten, L. J. (1967). *Klient-sentrert rådgivning og terapi. En systematisk innføring i Carl B. Rogers' psykologi*. Oslo: Universtitetsforlaget.
- Dahl, H.-S. J., Ulberg, R., Friis, S., Perry, J. C. & Høglend, P. A. (2016). Therapists' inadequate feelings and long-term effect of transference work. *Psychotherapy and Psychosomatics*, 85(5), 309-310. <https://doi.org/10.1159/000444647>
- Eide, S. B. (2008). Mellom engasjement og varsomhet. Om veiledingens grenseproblematikk. I S. B. Eide, H. H. Grelland, A. Kristiansen, H. I. Sævareid & D. G. Aasland (Red.), *Til den andres beste. En bok om veiledingens etikk*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Eide, T. & Eide, H. (2004). *Kommunikasjon i praksis. Relasjoner, samspill og etikk i sosialfaglig arbeid*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Ellingsæter, A. L. (2012). Familiepolitikk i klassesamfunnet. I A. L. Ellingsæter & K. Widerberg (Red.), *Velferdsstatens familier. Nye sosiologiske perspektiver*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Falk, B. (1999). *Å være der du er. Samtale med kriserammede*. Bergen: Fagbokfolaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Falkenberg, M. L. (2016). *Fellesfaktorer i familieterapi. En litteraturstudie av hva som bidrar til terapeutisk endring*. Høgskolen i Oslo og Akershus, Oslo.
- Fjelldal, C. & Follesø, R. (2016). Jeg kommer aldri til å glemme blikkene! I R. Follesø, C. T. Halås & C. H. Anvik (Red.), *Sett, hørt og fortsått? Om profesjonelle møter med unge i sårbare livssituasjoner*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Follesø, R. (2010). Ungdom, risiko og anerkjennelse. Hvordan støtte vilje til endring? *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 10(1), 73-87. Henta fra
<https://journals.hioa.no/index.php/ungdomsforskning/article/view/1048>
- Frank, A. W. (1992). The pedagogy of suffering. Moral dimensions of psychological therapy and research with the ill. *Theory and Psychology*, 2(4), 467-485.
<https://doi.org/https://doi.org/10.1177/0959354392024004>
- Gadamer, H.-G. (2003). *Forståelsens filosofi. Utvalgte hermeneutiske skrifter*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Gadamer, H.-G. (2012). *Sannhet og metode. Grunntrekk i en filosofisk hermeneutikk* (2. utg.). Oslo: Pax Forlag AS.

- Goffman, E. (1992). *Vårt rollespill til daglig. En studie i hverdagslivets dramatikk* (2. utg.). Oslo: Pax Forlag AS.
- Grimen, H. (2008). Profesjon og tillit. I A. Molander & L. I. Terum (Red.), *Profesjonsstudier*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gross, R. (2014). *Themes, issues and debates in psychology* (4. utg.). London: Hodder Education.
- Halvorsen, G. S. (2011). *Relasjonen mellom hjelper og hjelpesøkende - En studie i forståelsens og anerkjennelsens betingelser og utviklingsmuligheter*. Universitetet i Nordland, Bodø.
- Hauge, L. S. & Holgernes, B. (2005). *Vitenskap og språk. En innføring i vitenskapsfilosofi og logikk*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- Holmberg, Å., Jensen, P. & Ulland, D. (2017). To make room or not to make room: Clients' narratives about exclusion and inclusion of spirituality in family therapy practice. *The Australian and New Zealand Journal of Family Therapy*, 38(1), 15-26.
- Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (3. utg.). Latvia: Cappelen Damm Akademisk.
- Jensen, K. (1993). Den framtidige profesjonsutdanningen. Perspektiver på kunnskap og læring. I M. Kirkevold, F. Nordtvedt & H. Alvsvåg (Red.), *Klokskap og kyndighet. Kari Martinsens innflytelse på norsk og dansk sykepleie*. Norge: Ad Notam Gyldendal.
- Johannessen, A., Tufte, P. A. & Christoffersen, L. (2016). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (5. utg.). Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Kaldestad, O. H., Reigstad, E., Sæther, J. & Sæthre, J. (2007). Verdimedvit i pedagogisk verksemd - eit mål i seg sjølv eller berre ein reiskap for å fremja læring? I O. H. Kaldestad, E. Reigstad, J. Sæther & J. Sæthre (Red.), *Grunnverdier og pedagogikk*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Kierkegaard, S. (1994). Synspunktet for min Forfatter-Virksomhed. I S. Kierkegaard (Red.), *Søren Kierkegaards samlede værker*. København: Gyldendal.
- Killén, K. (2017). *Profesjonell utvikling og faglig veiledning - Et fellesfaglig perspektiv for helse-, sosiale og pedagogiske relasjoner* (5. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Kristoffersen, B. & Halås, C. T. (2016). Møtet - en nærværshendelse mellom mennesker. I R. Follesø, C. T. Halås & C. H. Anvik (Red.), *Sett, hørt og fortsått? Om profesjonelle møter med unge i sårbare livssituasjoner*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Kvalsund, R. & Allgood, E. (2009). Subjektivitet rundt hjelpeforholdet - en Q-metodologisk studie av erfaringer med hjelpeforholdet. I R. Karlsdottir & R. Kvalsund (Red.), *Mentoring og coaching i et læringsperspektiv*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Kvello, Ø. (2012). Sosialiseringsbegreper. I Ø. Kvello (Red.), *Oppvekstmiljø og sosialisering*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Lambert, M. J. & Barley, D. E. (2002). Research summary on the therapeutic relationship and psychotherapy outcome. I J. C. Norcross (Red.), *Psychotherapy relationships that work: Therapist contributions and responsiveness to patients*. USA: Oxford University Press.
- Larsson, S. (2005). Om kvalitet i kvalitativa studier. *Nordisk Pedagogik*, 25(1), 16-35.
- Lindseth, A. & Norberg, A. (2004). A phenomenological hermeneutical method for researching lived experience. *Scandinavian Journal of Caring Sciences*, 18, 145-153.

- Løvlie, A.-L. (1982). *The self of the psychotherapist. Movement and stagnation in psychotherapy*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Måseide, P. (2008). Profesjonar i interaksjonsteoretisk perspektiv. I A. Molander & L. I. Terum (Red.), *Profesjonsstudier*. Oslo: Universitetsforlaget.
- NOU 2019:20. (2019). *En styrket familietjeneste. En gjennomgang av familieverntjenesten*. Oslo: Barne- og familidepartementet.
- Oxford English Dictionary. (2007). I *Oxford English Dictionary*. Henta 10. februar 2020 fra <https://oed.com/view/Entry/152054?redirectedFrom=professionalism#eid>
- Pieterse, A. L., Lee, M., Ritmeester, A. & Collins, N. M. (2013). Towards a model of self-awareness development for counselling and psychotherapy training. *Counselling Psychology Quarterly*, 26(2), 190-207.
<https://doi.org/https://doi.org/10.1080/09515070.2013.793451>
- Postholm, M. B. (2010). *Kvalitativ metode : en innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Ringdal, K. (2013). *Enhet og mangfold. Samfunnvitenskapelig forskning og kvantitativ metode* (3. utg.). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Rogers, C. R. (1957). The necessary and sufficient conditions of therapeutic personality change. *Journal of Consulting Psychology*, 21(2), 95-103.
<https://doi.org/https://doi.org/10.1037/h0045357>
- Røkenes, O. H. & Hanssen, P.-H. (2012). *Bære eller briste. Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker* (3. utg.). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke.
- Schibbye, A.-L. L. (2009). *Relasjoner. Et dialektisk perspektiv på eksistensiell og psykodynamisk psykoterapi* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Silverman, D. (2010). *Doing qualitative research* (5. utg.). London: SAGE Publications.
- Skau, G. M. (2013). *Mellom makt og hjelp. Om det flertydige forholdet mellom klient og hjelper* (4. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Skauli, G. Ø. (2009). *Evidensbasert praksis i familievernet. En litteraturgjennomgang av forskning på parterapi*. Oslo: Bufetat.
- Skjervheim, H. (1972). Det instrumentalistiske mistaket. I N. Mediaas, J. Houge-Thiis, S. Haga, J. Ellingjord & B. Bjørklid (Red.), *Etablert pedagogikk - makt eller avmakt?* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Skjervheim, H. (1992). *Filosofi og dømmekraft*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skjervheim, H. (1996). Eit grunnproblem i pedagogisk filosofi. I H. Skjervheim (Red.), *Deltakar og tilskodar og andre essays*. Oslo: Aschehoug.
- Skjervheim, H. (2000). *Objektivismen - og studiet av mennesket*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Skårderud, F. & Sommerfeldt, B. (2008). Mentalisering - et nytt teoretisk og terapeutisk begrep. *Tidsskrift for Den norske legeforening*, 9, 1066-1069.
- Sprengle, D. H. & Blow, A. J. (2007). The role of the therapist as the bridge between common factors and therapeutic change: more complex than congruency with a worldview. *Journal of Family Therapy*, 29, 109-113.
<https://doi.org/https://doi.org/10.1111/j.1467-6427.2007.00375.x>
- Summers, R., F. & Barber, J. P. (2003). Therapeutic alliance as a measurable psychotherapy skill. *Academic Psychiatry*, 37(3), 160-165.
<https://doi.org/https://doi.org/10.1176/appi.ap.27.3.160>
- Sævi, T. (2007). Den pedagogiske relasjonen - en relasjon annerledes enn andre relasjoner. I O. H. Kaldestad, E. Reigstad, J. Sæther & J. Sæthre (Red.), *Grunnverdier og pedagogikk*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke AS.
- Teigen, A. M. F. (2004). Klientens forandringsteori i familieterapi. *Tidsskrift for Norsk psykologforening*, 41(7), 544-551. Henta fra

<https://psykologtidsskriftet.no/fagartikkel/2004/07/klientens-forandringsteori-i-familieterapi>

Thagaard, T. (2009). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode* (3. utg.). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode* (4. utg.). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

van Manen, M. (1993). *Pedagogisk takt - betydningen av pedagogisk omtenksomhet*. Nordås: Caspar forlag.

van Manen, M. (2017). But is it phenomenology? *Qualitative Health Research*, 27(6), 775-779. <https://doi.org/https://doi.org/10.1177/1049732317699570>

Wheeler, S. (2000). What makes a good counsellor? An analysis of ways in which counsellor trainers construe good and bad counselling trainees. *Counselling Psychology Quarterly*, 13(1), 65-83.

<https://doi.org/doi:10.1080/09515070050011079>

Woolfolk, A. (2004). *Pedagogisk psykologi*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.

Vedlegg

Vedlegg 1 Informasjonsskriv til intervjugupersonar

Vedlegg 2 Intervjuguide

Vedlegg 3 Godkjenning frå Norsk senter for forskningsdata (NSD)

Vedlegg 1 Informasjonsskriv til intervupersonar

Vil du delta i forskingsprosjektet

"Rådgivar sin relasjonskompetanse og profesjonalitet i familierådgivingsyrket?"

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der formålet er å sjå på viktigheita av familierådgivars relasjonskompetanse og profesjonalitet. I dette skrivet gir får du informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg.

Formål

Formålet med dette prosjektet er å diskutere viktigheita av familierådgivar sin relasjonskompetanse og profesjonalitet i møte med brukarar. Det kjem til å bli fokusert på korleis rådgivar går fram i møte med rådsøkerane. Synspunkt på dette vil bli samla inn frå familierådgivarar som arbeider i familievernstenesta. Hovudproblemstillinga lyder slik: *Korleis speler relasjonskompetansen og profesjonaliteten til familierådgivaren inn på relasjonen mellom rådgivar og rådsøker?*

Dette er eit forskingsprosjekt i tilknyting til ei masteroppgåve i pedagogikk utført ved Institutt for pedagogikk og livslang læring ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU).

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU) v/ Institutt for pedagogikk og livslang læring (IPL) er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Utvælt i denne kvalitative studien er familierådgivarar som arbeider i familievernstenesta. Intervjuet har som hensikt å få fram opplevingar og synspunkt om familierådgivars relasjonskompetanse og profesjonalitet.

Kva inneber det for deg å delta?

Dersom du vel å delta i prosjektet, inneber det at du stiller opp til eit intervju, som vil ta om lag ein og ein halv time. Intervjuet vil innehalde spørsmål om opplevinga di av å vere familierådgivar, korleis du vektlegg relasjonen mellom deg og rådsøker og korleis du går fram for å ivareta rådsøker. Intervjuet vil bli teke opp på lydoppptakar. Lydoppptaket blir transkribert, og transkripsjonane blir lagra som krypterte filer i tråd med Norsk senter for forskningsdata (NSD) sine retningslinjer. Lydoppptaket blir sletta ved prosjektslutt.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake utan å oppgi nokon grunn. Alle opplysningane om deg vil bli anonymisert. Det vil ikkje ha negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

Ditt personvern – korleis eg oppbevarer og bruker dine opplysningar

Eg vil berre bruke opplysningane om deg til formåla eg har fortalt om i dette skrivet. Eg behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Det er studenten og rettleiar som vil ha tilgang til opplysningane du gir.
- Namnet og kontaktopplysingane vil bli erstatta med ein kode som lagrast på eiga namneliste skilt frå andre data.

Ingen personidentifiserbare opplysningar vil brukast i masteroppgåva. Ved nemning av namn, vil det bli brukt fiktive namn.

Kva skjer med opplysningane dine når eg avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet vil avsluttast 15. september 2020. Ved prosjektslutt vert alle personopplysingar og opptak sletta.

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg,
- å få retta personopplysningar om deg,
- få slettet personopplysningar om deg,
- få utevert en kopi av dine personopplysningar (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

Kva gir meg rett til å behandle personopplysningar om deg?

Eg behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå NTNU v/ IPL har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kvar kan eg finne ut meir?

Dersom du har spørsmål til studien, eller ønsker å nyte deg av dine rettar, ta kontakt med:

- NTNU ved student Maren Pernille Indreeide Øvregaard (tlf. [telefonnummer] eller veileder Gunhild Marie Roald (tlf. [telefonnummer], e-post: [e-postadresse])
- NTNU sitt personvernombod: Thomas Helgesen (tlf. [telefonnummer], e-post: [e-postadresse])
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost (personverntjenester@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17.

Med venleg helsing

Maren Pernille Indreeide Øvregaard
Student

Gunhild Marie Roald
Prosjektansvarleg og rettleiar

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *Rådgivar si utøving av profesjonalitet i familierådgivingsyrket*, og har fått hove til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju
 at intervjuet kan takast opp som lydoptak

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlast fram til prosjektet er avslutta, seinast 15. september 2020.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Vedlegg 2 Intervjuguide

Intervjuguide - rådgivar

Innleiande informasjon

- Minne om det som står om etikk i informasjonsskrivet: Deltakinga er frivillig, kan trekke seg når som helst. Skal ikkje vere ubehageleg å delta. Data blir anonymisert og oppbevart trygt. Lydopptak blir trygt oppbevart og sletta etterpå.
- Spørsmål relatert til opplevinga av å vere familierådgivar. Svara har ingen fasit, ute etter di oppleving. Om du ikkje vil svare, er det heilt greitt. Minne om yrkespålagd taushetsplikt.

Innleiande spørsmål

1. Alder
2. Kan du seie litt om bakgrunnen din? Utdanning/erfaring/fartstid
3. Kontekstavklaring. Kan du seie noko om kven du vanlegvis har innom kontoret ditt? Grupper/par/barn/vaksne?
4. Kan du fortelje litt om korleis du opplever å arbeide som familierådgivar?

Familierådgivarens eigenskapar

5. Kva meining har ordet «prosjonell» for deg?
6. Har du eit bilete av korleis du synest ein familierådgivar bør vere?
7. Kva tankar gjer du deg om «den prosjonelle rådgivaren»?
8. Kan du fortelje om ein gong du opplevde å få til å vere ein slik rådgivar som du ønskjer å vere eller ein gong du ikkje fekk det til?

Relasjonen mellom rådgivar og rådsøker

9. Har du opplevd verknaden av ein god relasjon imellom dykk?
10. Har du opplevd at ein relasjon ikkje var så bra? Kan du fortelje om det og eventuelt kva du gjorde for at det skulle snu?
11. Kva fokus har du på relasjonsbygging? Korleis tenker du/går du fram når du får inn ein ny rådsøker?
12. Når begynner relasjonsbygginga? Korleis utviklar den seg? Når avsluttast den?

Ivaretaking av rådsøker

13. Kva tenkjer du om omgrepene «ivaretaking av rådsøker»?
14. Er det noko spesielt du gjer for at rådsøker skal føle seg ivaretaken i rådgivingssituasjonen? I så fall kva? Har du nokon gong opplevd at dette var vanskeleg?
15. Har du nokon gong opplevd at det var vanskeleg å gjere det du mente var rett i ein situasjon?

Avsluttande spørsmål

16. Kva tenkjer du som rådgivar om å dele personlege erfaringar, tankar og opplevingar med rådsøker? Har du opplevd at det har fungert eller ikkje fungert?
17. Er det noko meir du ønskjer å legge til?

Vedlegg 3 Godkjenning frø Norsk senter for forskningsdata (NSD)

21.5.2020

Meldeskjema for behandling av personopplysninger



NSD sin vurdering

Prosjekttittel

Masteroppgåve i pedagogikk

Referansenummer

646675

Vurdering (1)

07.02.2020 - Vurdert

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet den 07.02.2020 med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

PRIVATE ENHTER OG SÆRLIGE KATEGORIER

NSD legger til grunn at student og veileder etterfølger institusjonen sine interne rutiner for datasikkerhet. Vi vil ikke anbefale bruk av privat pc/mobiltelefon til oppnak/behandling av sensitive personopplysninger. Vi anbefaler at studenten i den grad det er mulig låner oppnaksutstyr fra institusjonen. Dersom personopplysninger likevel skal lagres på privat pc /mobiltelefon, må det avklares med institusjonen og

Opplysningsene bør krypteres tilstrekkelig.

TAUSHETSPLIKT

Informantene i prosjektet er familierådgivere, og har taushetsplikt. Det er viktig at intervjuene gjennomføres slik at det ikke registreres taushetsbelagte opplysninger. Vi anbefaler at dere minner informantene om dette i forbindelse med intervjuene.

MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde:
https://nsd.no/personvernombud/meld_prosjekt/meld_endringer.html
Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle særlige kategorier av personopplysninger om filosofisk overbevisning og religion, samt alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 15.09.2020.

LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 nr. 11 og art. 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse, som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.

Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes uttrykkelige samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a, jf. art. 9 nr. 2 bokstav a, jf. personopplysningsloven § 10, jf. § 9 (2).

PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlig formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20).

NSD vurderer at informasjonen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og eventuelt rádføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Jørgen Wincentsen
Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

